



# BACHELOROPPGÅVE

## Prestegardshagen ved Seljesanden

Hageanlegget ved Selje prestegard – *fortid, notid og framtid*

av

kandidatnummer 202

Åse-Birgitte Berstad

Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur  
PL 490  
Juni 2011

# Prestegårdshagen ved Seljesanden

Hageanlegget ved Selje prestegard - *fortid, notid og framtid*

Åse-Birgitte Berstad



Bacheloroppgåve i Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur

Juni 2011

## Føreord

Dette er ei avsluttande bacheloroppgåve i det treårige studiet Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Arbeidet har gått føre seg parallelt med andre fag det siste skuleåret, og starta med registrering av vegetasjon sommaren 2010. Oppgåva tel 15 studiepoeng av totalt 180, og har fått ei form der eg har skildra fortid, notid og framtid i ulike delar.

Eg er sjølv oppvaksen i Selje, og kjenner godt til dei familiene og prestane som har budd der frå 1990-talet. Hagen kjende eg også godt frå før gjennom leik i barndommen og sommarjobb i ungdommen. Dette har bidrege til mi interesse for hageanlegget, og eg har gjort mitt beste for å formidle vidare den kunnskapen eg har tileigna meg.

Det er mange som har hjelpt meg med fagleg kunnskap, interesse og inspirasjon gjennom heile eller delar av prosessen. Av desse vil eg særskilt nemne Mette Eggen ved Riksantikvaren og Per Harald Salvesen ved Arboretet i Minde. Takk til Selje kommune og Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Arlen Bidne og Knut Åland, for positiv innstilling og diskusjon om framtida til prestegardshagen i Selje. Takk til Bjørn Jensen og Torkjell Djupedal for hjelp med å finne dokument og kjelder. Eg ynskjer også å takke alle som har bidrege med bitar til det historiske puslespelet. Til slutt vil eg takke professor Ingvild Austad, for inspirasjon til val av oppgåve og all hjelp med innspel, rettleiing og korrigering av oppgåva.

Der anna ikkje er nemnt, er det nytta eigne fotografi og teikningar. Biletet på framsida er eit måleri av Selje-kunstnaren Bernt Tunold frå 1911/1912 (Wiig 1991): *Grå vårveld, Selje*. Ein ser prestegardstunet og hagen sør for hovudbygningen i framkant, og Seljesanden som ei boge lenger bak i måleriet.

Sogndal, 16.6.2011

Åse-Birgitte Berstad

# Til et Asketræ paa Søløe Præstegaard

Av Claus Frimann (f. 15.5.1746)

1. Endnu en Gang saa skulde da mit Øie,  
Ældgamle Træ! faae see din Kjempekrop!  
Med Løv endnu du rækker mod det Høie  
Tolv favnetykke tunge Arme op;  
Kan ei den grumme Storm af Norden,  
Der synes bryde Fjeldet ned,  
Nedstyrte dig paa Jorden  
Med al sin Voldsomhed?
2. Staae fredet til du hen i Aske smulner!  
Som du er vant, skue nok et hundred Aar,  
Hvor Engen af Smørblomsten lysnet gulher,  
Den Eng, som ned til dine Rødder naær!  
Men gid den bære Torn og Nælder,  
Fra første Dag, fra første Stund,  
Han dig uvenlig fælder,  
Som raader for din Grund.
3. Hvad Under, mig er altid kjert dit Minde,  
Hvad Under, jeg dig gjerne seer igjen, -  
Den første Gang jeg Solen saae oprinde,  
Da gjennem dine Grene saae jeg den;  
Den første Green, jeg saae sig rørte,  
Var den, hvormed du hilsed mig;  
Den første Sang, jeg hørte,  
Var Fuglens Sang paa dig.
4. Du saae mig tidt i din den brede Skygge  
Nu tumle mig, nu binde Blomsterbaand,  
Nu lidet Huus af dine Qviste bygge,  
Nu rive ned igjen med samme Haand;  
Et Forspil for min mandlig Alder –  
Kun kort min Tanke-Bygning staaer,  
Snart høiest Ønske falder,  
Snart komne Lyst forgaaer.
5. Naar paa din Green sig satte hornet Ugle,  
Skjult medende paa dens oppuklet Bryst  
Med mangen Pil, med mangen liden Kugle  
Jeg døved tadt dens føle Spaadoms Røst;  
Faldt den, hvor heldig jeg mig priste,  
Tre Gange slog jeg den endnu,  
Mit Bytte hver jeg viiste,  
Og hængte den til Sku'.
6. Hvor fløi de hen, de munstre Ungdomsdage?  
I dette Bryst hvor løb da Blodet let?  
Jeg løb i Kap langt fremad, langt tilbage,  
Knap pusted jeg, og aldrig blev jeg træt;  
Da med de smaa halvvoxne Piger  
Jeg dandsed let om dig, mit Træ;  
Alt tyngre Foden stiger,  
Alt stivner nu mit Knæ.
7. Endnu engang, mit kjære Træ, staae rolig!  
Ei hvæsset Staal, ei Lynild fælde dig!  
Beskyg i Fred min dyre Moders Bolig!  
Dig selv hun nu i Alder bliver liig.  
Dig spared' fire mine Fædre, -  
En Haandfuld af dit mørke Løv  
Til Gjengjeld burde hædre  
Paa Graven deres Støv.

# Innhald

<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>4</b>
<b>1.0 INNLEIING.....</b>	<b>5</b>
1.1 PROBLEMSTILLING .....	7
1.2 MÅLSETJING.....	9
1.3 METODAR .....	9
<b>2.0 LOKALISERING .....</b>	<b>12</b>
2.1 LANDSKAPSSKILDRING.....	13
2.2 NATURTILHØVE.....	14
<b>3.0 FORTID – KULTURHISTORIE .....</b>	<b>15</b>
3.1 TUNET OG BYGNINGSMILJØET .....	18
3.2 HAGEANLEGGET .....	24
3.2.1 "Gamlehaven" (1750 til 1970) .....	24
3.2.2 Hageanlegg kring bygningane .....	30
3.2.3 Dei gamle trea.....	44
<b>4.0 NOTID – SITUASJONSSKILDRING .....</b>	<b>48</b>
4.1 SITUASJONSPLANAR.....	49
4.2 PLANTEREGISTRERINGAR, TILSTAND OG MERKNADER .....	51
<b>5.0 FRAMTID – DRØFTING.....</b>	<b>71</b>
5.1 KVA STÅR ATT AV GAMLE PLANTAR OG ELEMENT?.....	71
5.2 FUNKSJON – PRIVAT ELLER OFFENTLEG?.....	74
5.3 STYVING (TILBAKESKJERING) AV TRE .....	75
5.4 KOMMUNAL PLANLEGGING AV SENTRUM OG GRØNTOMRÅDE .....	77
5.5 TILRÅDING – VIDARE UTGREINGAR OG TILTAK .....	78
<b>6.0 KONKLUSJON.....</b>	<b>85</b>
<b>LITTERATURLISTE.....</b>	<b>86</b>
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>90</b>

---

Diktet s. 2: "Til et Asketræ paa Selløe Præstegaard" står i Claus Frimann si første diktsamling, "Poetiske Arbeider", frå 1788. Claus Frimann vaks opp som presteson i Selje. Treet betydde mykje for mange generasjonar både før og etter Frimann, og stod i prestegarden heilt til det vart teke av ein storm i 1914. Folkemusikkgruppa Spindel har brukta dette diktet på plata Aminje, tonesett av Olav Tveitane.

## Samandrag

Historiske hagar er ein del av kulturarven vår, og er verd å verne om som kulturminne med eigenverdi, i tillegg til verdien dei har som råme rundt freda bygningsmiljø. Men generelt i Noreg ser ein at dei freda bygningane får det meste av merksemda, slik stoda også er ved prestegardshagen i Selje. Ein del av føremålet med oppgåva er difor å rette søkjelyset på *hageanlegget*, og gjere synleg kva verdiar som fins her. I oppgåva vert fortida, notida og framtida til hageanlegget i Selje prestegard skildra i ulike delar:

Kapittelet om fortida tek føre seg kulturhistoria til bygningsmiljøet og hageanlegget, og dei viktigaste utviklingstrekka er skildra og dokumentert ved hjelp av gamle fotografi, saksdokument, intervju og situasjonsplanar. Den eldste hagen i prestegarden er kalla "Gamlehagen", og var anlagt rundt 1750. Hageanlegget har gjennomgått mange endringar sidan: frå den eldste inngjerda hagen litt utafor sjølve prestegardstunet, via ein "bortgøymd" hage sør for prestelåna (hovudbygningen) med grusgangar og blomstrande busker og hekkar, til ein open hage med blomsterbed og portstolpar i stein på tunet aust for prestelåna. Heile hageanlegget har seinare vorte forenkla, og Gamlehagen nordaust for prestegardstunet er no nytta som sentrumsparken i Selje. Men mange gamle tre både i Gamlehagen og det noverande hageanlegget står framleis att, og ber med seg ei viktig kulturhistorie.

Kapittelet om notida tek føre seg situasjonen i hageanlegget slik det er i dag (2010/2011). Det består av ein situasjonsplan med innmålte tre, busker og bed, registreringar av plantar (med artsbestemming) og andre element, og skildringar av tilstanden til dei ulike registreringane.

Kapittelet om framtida gjev for det første eit bilet av kva spor ein kan finne i prestegardshagen frå gamle dagar (før 1950) og som er verd å ta vare på. Mellom anna er dei gamle trea viktige biologiske kulturminne som må takast vare på best mogleg. For det andre er kapittelet ei drøfting av korleis hageanlegget bør handsamast framover, i høve til funksjon og vedlikehald, bevaring av tre ved vestnorsk styringstradisjon og kommunal planlegging med satsing på heilskaplege grøntområde og uterom. Til slutt i oppgåva kjem tilrådingar til vidare planar og utgreiingar, og framlegg til tiltak som bør utførast for best å ta vare på det historiske hageanlegget.

## 1.0 Innleiing

Mange gamle prestegardar i Noreg har med tid og stunder vorte freda, etter diskusjonar og mang eit forsøk på å synleggjere verdien av gamle kulturskattar. Fredingslista for prestegardar er den eldste av alle listene som er sett opp for gamle bygningar av kulturminnevernet i Noreg sidan 1930-talet (Flokkmann 1976: 28). Etter kvart har folk flest oppdaga gleda og nyta ved å verne om kulturhistorisk og antikvarisk verdifulle bygningsmiljø trass i endra bruksforhold og funksjonar, og i mange høve forsømt vedlikehald av bygningar. Men med så stort fokus på dei gamle bygningane, har dessverre kulturmiljøet rundt verneverdige bygningar ofte vorte gløymt. Då kanskje spesielt ved dei gamle prestegardane som låg i sentrum for bygdeutviklinga, og der prestegardsjorda og -eigedomen har vorte nytt til ekspansjon av busetnad og industri. Ein kan som eit generelt trekk ved norsk kulturminnevern sjå at dei verna bygningane får det meste av merksemda – men kva med resten av tunet?

Hagen hadde ein sentral plass i prestegarden, og var viktig for den kulturelle utfaldinga i presteskapet og bygdene generelt (Horgen 1999: 126). Frå gamalt av var prestegardshagen førebilete for andre hagar i nærleiken, og både nytteplantar og prydvekstar vart spreidde derifrå ved stiklingar, deling og rotskot. Dei såkalla prestegardsrosene var særskilt populære, som mange av dei gamle rotekte rosesortane er ålmənt omtala som. Mange prestar var også føregangsmenn for hagebruket i Noreg, og desse er i ettertid betre kjende som potetprestar. Prestegardshagar generelt var små, men rike og velståande. Ein kan ikkje plassere dei i særskilde stilartar, det er snarare eit stort mangfald av element frå ulike tidsepokar, nokre heilt tilbake til 1600-talet. Mange tradisjonelle prestegardshagar var produkt av at prestane såg behov for opplysning og kunnskap for å få bukt med samfunnssproblem som därleg kosthald og arbeidsmoral (Bruun 2010, pers. medd.). Hagane utvikla seg også med motar som regjerte i Europa og etter kvart vart populære ved embetsgardar i Noreg, frå rettlinia anlegg med renessansekarakter, til landskapshagar med slyngande grusstiar og romantisk preg – om enn noko på etterskot (tabell 1). Bruun fortel at forfallet av mange prestegardshagar starta på 1800-talet, og meiner årsaka til dette hovudsakleg var skiftande teologiske retningar, og mange stader også grunna manglande tenarskap. Hage og jordbruk vart då ein "usjeleleg" sak for prestar som var utdanna i den pietistiske tradisjonen ved det nye universitetet i Noreg, i motsetning til opplysningsstida sine prestar som for det meste var utdanna ved universitetet i København. Praksisen rundt presteebetet endra seg også i løpet av 1800-talet, og prestar vart ikkje sitjande like lenge i kallet som dei hadde gjort før. Dette førte kanskje til at hagen ikkje fekk like mykje merksemd hjå kvar enkelt prestefamilie, og vart oftare endra etter ulike ynskje og behov.

**Tabell 1 Historiske hagestilar**

Hagetype/stilart	Tid i Noreg	Kjenneteikn/stikkord
<b>Urhagen</b>	Forhistorisk – i dag	Lita innhegning, firkanta. Enkle nytte- og prydagar. Frittliggende eller inntil hus. Kålhage, humlehage.
<b>Mellomalderhagen</b>	1000 – 1550	Innelukka, inngjerda, ved kloster, borger, storgardar. Pryd- og nytteplantar saman. Enkle mønster, t.d. korsmønster. Plantar truleg spreidde til "vanlege folk" i område rundt kloster.
<b>Renessansehagen</b>	1550– 1700-talet	Symmetri, klar avgrensing. Hus- hage i samanheng. Parterre inndelt i kvarter. Terrasser. Pryd- og nyttevekstar blanda.
<b>Barokkhagen</b>	1700-talet	Store hagar. Symmetri, hus- hage i sterkt samanheng. Perspektiv, aksar, allear, klipte hekkar. Kjøkenhagen avskilt.
<b>Landskapsstilen</b>	Hovudsakleg 1800-talet	Førebilete: natur og kulturlandskap. Fri vekseformer. Romantisk stemning. Grotter, hytter, lysthus.
<b>1800-talshagen</b>	1840 – 1910	Landskapsstilen i villastorleik. Slyngande gangar, eksotiske plantar. Vintergrønt, uvanlege vekseformer og bladfargar.
<b>Nyformale hagar</b>	1910 – 1930	Geometri, klar avgrensing. Inndeling av rom, temahagar, staudebed. Stadeigne og hardføre tre og busker.

Etter Grue (1993) og Essen (1999).

Hagekunsten er, på same måte som arkitektur, ein del av kulturhistoria vår (Dale 2005: 51). Men det er også ein *dynamisk kunstart*, så bevaring av hageanlegg er ikkje alltid berre enkelt (Eggen 2005: 2). Hagar er bygd opp av levande materiale som heile tida veks og endrar seg; både ved inngrep, nye motar og stilar og ved gjengroing, og spora forsvinn fort. Spesielt etter 2. verdskrig gjekk utviklinga i retning av enkelskap og rasjonalitet når det gjaldt utforming og planteval i hagar, og førte ofte til forenkling og planering av gamle hageanlegg (Bruun 2005: 12). Dette har også skjedd med dei gamle prestegardshagane.

Delvis "svunne" historiske hagar er eit tema som for mange kan verke ganske så vagt og uhandsambart, så kvifor og korleis skal ein forsøke å bevare dei? Jo, for sjølv om hagar kan seiast å vere dynamiske og endrar seg kontinuerlig, er det nettopp denne historiske utviklinga ein må forsøke å spore opp for å finne den eigenarten som er verd å bevare, og som står i stil til bygningsmiljøet (Eggen 2005: 2). I dei seinare åra har heldigvis det heilskaplege miljøet rundt enkeltståande verneobjekt blitt viktigare, og kulturminnevernet har utvikla seg til å tenkje heilskapleg kulturarv. Dei historiske hagane er ein del av denne, og er verd å verne om, både som tidsriktig og verdig råme rundt gamle hus, og som kulturminne i seg sjølve.

## **1.1 Problemstilling**

Selje er ein gamal kyrkjestad, med klosterøya Selja knapt halvanna kilometer rett over sundet. Det gamle benediktinerklosteret, kanskje det eldste i Noreg, og soga om den heilage Sankta Sunniva, gjorde at øya Selja var eit religiøst sentrum langs norskekysten frå tidleg 1000-tal (figur 1). Her låg bispesetet for heile Vestlandet i vel 100 år, frå 1068 til 1170 (Djupedal, T. 1996). Sunnivakulten var spreidd over heile Norden på 1200- og 1300-talet, med Seljumannamessa den 8. juli som sentral heilagdag. Øya med klosteret og helgenanlegget var eit pilegrimsål for mange og ei viktig hamn der den indre og ytre skipsleia møttest på veg frå Bjørgvin til Nidaros, før ein måtte krysse det farlege Stadhavet. På øya har det totalt vore 6 kyrkjer, mellom anna den gamle soknekyrkja som stod på garden Bø på austsida, truleg frå 1100-talet. Soknepresten budde også på Selja i si tid, men flytte truleg over til fastlandet rundt reformasjonen, til garden Hove (jf. vedlegg 1). Soknekyrkja vart flytt etter i 1654. Garden Hove var truleg kyrkjeeige frå gammalt av, og var første gang nemnd i jordeboka Bjørgvin kalvskinn 1306 – 1360. Både før og etter garden vart bustad for presten hadde den store jordeigedomar, og i 1890 hadde den ei samla jordvidd på over 2500 mål.

Opphavleg vart her drive både jordbruk og fiskeri, og det var då om lag 25 hus og uthus på garden – i dag er det berre 6 bygningar att i tunet (Dam-Nielsen 2001). Desse vart freda ved vedtak av Riksantikvaren i 1991. Sjølve garden og bygningane er nærmere omtala i kap. 3.1.



Figur 1 Selje kloster (Geoportalen 2011).

Hageanlegget til prestegarden i Selje har aldri vore skrive noko særskilt om, og det er i dag heller ikkje utbreidd lokalkunnskap om korleis det såg ut nokre tiår tilbake, og kva omfang den hadde. Dei siste femti åra har utbygginga i Selje sentrum ete seg lenger og lenger innover prestegardsmarkene, og lite av det gamle, opne landskapet i Selje er synleg lenger, også som følgje av skogplanting og attgroing. Men framleis er prestegarden og prestegardshagen midtpunktet i Selje sentrum, som er og bør vere eit estetisk blikkfang som tek vare på og syner ein del av den rike kulturhistoria i området. Hagen bør i tillegg skape ei heilskapleg ramme kring det freda bygningsmiljøet i prestegarden. Den noverande stoda er at hagen berre innehold restar etter det den ein gong romma, og verken er verdsett eller vedlikehalde som eit historisk kulturmiljø og hageanlegg.

Eigar av prestegarden, Opplysningvesenets Fond, har ytra at Selje prestegard er ein av dei stadane dei vil forsøke å oppretthalde buplikta for prestar så lenge som mogleg. Å bu i eit hus på over 160 km<sup>2</sup> grunnflate er i seg sjølv årsak til mykje arbeid for prestar i full jobb, og fondet vil ikkje pålegge prestane å drive med hagestell i tillegg, anna enn regelmessig plenklipping. Avhengig av interesse fell ofte hagearbeidet nedst på prioriteringslista for prestane og familiene deira, sjølv om det er stort behov for vedlikehald i den 7 mål store hagen. Vedlikehaldet i Selje prestegard er difor delegert til kommunen ved ein tilsynsmann, og vert gjort av ferievikarar i løpet av sommaren (luking i bed og hellegang, beskjering av hekk og klipping av plen og kratt). Å ta vare på hageareal generelt i landet har også vorte nedprioritert hjå Opplysningsvesenets Fond, og forenkling og forminsking har vore ynskjeleg i staden for dei kostnadane det er å halde ved like krevjande og gamaldagse anlegg og strukturar. Ein årsak til dette er avviklinga av presten si rolle i gardsdrifta, som skjedde ved dei fleste prestegardar i 1958, og der det i ettertid vart det behov for mindre hagar og meir areal til utbygging (Birkeland 2010, pers. medd.). Det er stort sett lokale initiativ som har ført til endring i arealdisponeringa, og Selje prestegard si sentrale plassering har ført til at hagearealet og resten av innmarka har vore svært attraktivt for næringsutbygging. Sjølve hagearealet er stort sett teke vare på som grøntareal, men er mykje omforma og planert ut. Difor er det no behov for ei grundig undersøking av det som står att av det gamle hageanlegget, som kan legge grunnlaget for framtidig handsaming, bruk og vedlikehald.

Sentrale spørsmåla i oppgåva er:

- Korleis har hageanlegget utviklinga seg?
- Kva inneheld hageanlegget i dag, og korleis er tilstanden?
- Kan ein finne attståande plantar eller andre spor frå gamle dagar (før 1950) i prestegardshagen i Selje?
- Kva må gjerast med hageanlegget framover, og er det mogleg å sameine ulike ynskje og funksjonar?

## **1.2 Målsetjing**

Målet med oppgåva er:

1. Å gje ei oversikt og over og dokumentere den historiske utviklinga til hageanlegget i Selje prestegard, i samanheng med bygningshistorie og bebuarar.
2. Å skildre den noverande situasjonen: registrere og måle opp noverande tre, plantar og andre element i hageanlegget og gjere greie for tilstanden til dei ulike plantane og elementa.
3. Å drøfte kva artar og element som kan vere gamle, kva som er ynskjeleg i høve til funksjon og utforming, og korleis anlegget bør handsamast framover i høve til vedlikehald. Til slutt ei tilråding til vidare utgreiingar og tiltak som bør gjerast i ulike delar av hageanlegget.

## **1.3 Metodar**

For å gjennomføre oppgåva har eg nytta meg av ulike litterære og munnlege kjelder og registreringsmetodar. Det er også nytta eldre fotografi og avbildingar for å forstå og framstille den historiske utviklinga. Her vert det gjort greie for desse metodane, i tillegg til mogleg feilkjelder.

### *Oppmåling og registrering*

Feltregistreringar og oppmålingar av hageanlegget vart gjort i løpet av sommaren 2010, med supplerande registreringar i oktober 2010 og mai 2011. Observasjonar av tilstanden til dei ulike registreringane vart også notert ned. Til oppmåling vart det nytta måleband, og ved hjelp av lokalisering av bygningar vart oppmålingane nedteikna på utskrift av Topografisk Norgeskart i målestokk 1:250 frå internett (Fylkesatlas 2011). Registreringane vart gjort heilt i startfasen av oppgåva, og det var difor ikkje kome fram opplysningars om at den gamle prestegardshagen låg lenger nordaust, der som no er sentrumspark. Difor vart berre det noverande hageanlegget undersøkt.

Artsbestemming vart gjort mellom anna ved hjelp av *Gyldendals store nordiske flora* (Mossberg og Stenberg 2007), *Norsk flora* (Lid 2005) og ved søk på internett for å finne fotografi og karakteristikk av enkelte hageplantar. Rosene er ikkje artsbestemt, men det er føreslegen kultivar på grunnlag av vurderingar gjort av Per Harald Salvesen ved Arboretet i Minde. Ut i frå biletet og skildring kunne han fastslå kva roser som var moderne, og kven som kunne vere gamle.

## *Litteratur og anna skriftleg materiale*

Det er gjennomført litteraturstudiar hovudsakleg i den første delen av oppgåva, som dreier seg om kulturhistoria til prestegardshagen. Der er det nytta både lokalhistoriske bøker, bøker om prestegards- og hagehistorie og ulike artiklar og temahefte. For å gjere det lett for andre å finne fram til dei litterære kjeldene eg har brukt, har eg sett sidetal bak mange av kjeldetilvisingane.

Det er også nytta opplysningar frå saksdokument og korrespondansar frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Opplysningsvesenets Fond sitt arkiv i Statsarkivet, og Riksantikvaren sitt arkiv. Dei fleste dokumenta er å finne som vedlegg til oppgåva, for å samle all dokumentasjon. Nokre nettsider er også nytta, og direkte lenkar til desse kjeldene kan finnast i referanselista.

## *Munnleg informasjon*

For å få kjennskap til korleis hagen i prestegarden har utvikla seg, er det nytta intervju av personar som har budd i prestegarden tidlegare; direkte intervju av ei som var tenestejente i prestegarden kring 1940, og intervju per brev av tidlegare sokneprestar i Selje (frå 1976 til og med 2006). I tillegg har det kome fram enkelte nyttige opplysningar i korrespondanse (e-post) som vedkjem oppgåva.

Eg har også nytta forelesingsnotatar frå eit seminar i regi av Breidablikk (Disen Kolonial/Sjur Harby) i november 2010. Seminaret føregjekk i prestegårdslåna i Melhus, og handla om prestegårdshagar: "Til nytte og behag – prestegårdshagen som forsvant". Der fekk eg høre og møte mange av dei fremste fagpersonane innafor emnet historiske hagar i Noreg, og drog stor nytte av den lærdommen dei kunne formidle. Eg fekk også idear og inspirasjon til korleis eg kunne gjennomføre oppgåva.

I drøftingsdelen er det nytta idear og tankar som kom fram under eit møte som dreia seg om framtida til prestegardshagen i Selje, i april 2011. Møtet vart arrangert i samband med oppgåva, først og fremst for å orientere om hageanlegget, men også for å diskutere framtidig funksjon og handsaming, og kommunen si rolle i dette. Til stades var Mette Eggen frå Riksantikvaren, Arlen Synnøve Bidne og Knut Åland frå Kulturavdelinga i Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane (basisteam for kulturminnevern) og Selje kommune ved ordførar, rådmann og kommunalsjef. Selje kommune er gang med kommuneplanarbeid, og håpet er at ei opprusting av hageanlegget vert innlemma i ein heilskapleg sentrumsplan med utgangspunkt i kulturhistoriske element. Dette vert drøfta nærmare i kap. 5.

## *Fotografi, avbildningar og illustrasjoner*

Fotografi og illustrasjoner er gjennomgåande mykje nytta i heile oppgåva. Dette gjer at utviklingstrekka ved hageanlegget vert lettare å formidle. Det meste av gamalt fotomateriale er funne i Riksantikvarens arkiv, og er skanna inn spesielt for denne oppgåva. Gamle fotografi som vedkjem hageanlegget, og som ikkje er nytta direkte i oppgåva, er lagt ved oppgåva for å samle dokumentasjonen. Av praktiske årsaker er desse fotografia det siste vedleggget.

Elles er mange fotografi skanna inn frå litterære kjelder. Nokre av fotografiene er også funne på internett, og direkte lenker til desse kan finnast i referanselista. Der anna ikkje er nemnt, er teikningar og fotografi laga/tekne av meg sjølv. Stort sett heile den noverande hagen er fotodokumentert, og nokre av fotografiene vert framstilt i oppgåva.

## *Kart og planar*

Det er nytta ulike kart og planar (teikningar/skisser) over prestegarden, alt frå ei skisse frå 1833 (Vossgraff) og til situasjonsplanar frå 1900-talet. Planane er truleg laga med føremål å dokumentere tunstrukturen, og gjev såleis ikkje nøyaktige bilete av hageanlegget. Men enkelte strukturar og treplantingar er nedteikna, og gjev eit inntrykk av korleis hageanlegget såg ut til dei ulike tidspunktene.

## *Feilkjelder*

I eldre kart og teikningar kan det førekome misforhold i storleik, som fører til feiltolkning av situasjonen slik han var. Planar laga for å dokumentere tunstruktur, kan innehalde feil eller manglar når det gjeld nedteikna vegetasjon. Dette er teke i betraktning i oppgåveteksten. Det kan også førekome kunstnarlege over- eller underdrivingar i maleri som er nytta.

Ved bruk av intervju kan subjektive skildringar og informasjon som går gjennom fleire ledd, føre til feiltolkning av den eigentlege situasjonen. Samstundes kan enkelte opplysningar kan vere vanskeleg å hugse heilt riktig.

Feil eller manglar kan i førekome i artsregistreringar og i situasjonsplanar og skisser, mellom anna i form av feil artsbestemming eller misforhold i storleik og plassering.

## 2.0 Lokalisering


Selje prestegard ligg vakkert til i sentrum av den vesle bygda Selje på sørsida av Stadlandet, lengst nordvest i Sogn og Fjordane (figur 2). Selje er kommunesenteret i kommunen med same namn, og administrasjonsbygget ligg vis á vis prestegarden.

Selje kommune omfattar eit areal på 226,1 km<sup>2</sup> (Statistisk Sentralbyrå 2011). Regionalt ligg bygda i Ytre Nordfjord, og grensar til to kommunar; Vågsøy (Sogn og Fjordane) i sør og Vanylven (Møre og Romsdal) i nord (figur 3). Lenger austover i Nordfjord ligg mellom anna Eid kommune, og vest for Selje ligg det lunefulle Stadhavet og Nordsjøen.

Per 1.1.2011 bur det 2811 personar i Selje kommune, og folketalsutviklinga er jamt minkande. Nærleiken til havet gjer at kommunen likevel har den største fiskeflåten i landet, og er også kjend for småbåtindustri ved bedrifta Saga Boats.



Figur 2 Sogn og Fjordane fylke og Selje kommune (raud).



Figur 3 Selje kommune, med kommunesenteret Selje merka med ein svart sirkel. Kartet er henta frå Fylkesatlas (2011).

## 2.1 Landskapsskildring

Selje prestegard har ei sentral plassering i eit særmerkt landskap, noko som Støylen (1955: 34) skildra godt for eit halvt hundreår sidan: *"Den vakre prestegården, som fra gammelt av hadde gårdsnavnet Hove, ligger lunt til inne på fastlandet med grønne gressbakker og løvrike trær omkring. Like sør for prestegårdshagen er en framifrå god havn hvor båtene ligger trygt for vind og vær, og hvor naust og handelsbu står side om side på knausene rundt viken. På nordsiden går fra prestegården bort til kirken, i en slak bu, den lange, hvite Selje-sanden som en arm omkring fjorden."* Framleis finn vi lauvrike tre kring prestegarden, men dei grøne grasbakkane har i dei seinare åra vorte færre av.

Landskapsrommet vert avgrensa av bratte trekledde klipper mot nord og nordaust, bak kyrkja og den 500 meter lange Seljesanden (figur 4). Dette er ei naturleg sandstrand som i dag er mykje nytta til bading om sommaren. Seljesanden går frå kyrkja i nord til prestegarden og Nabben i sør, ei halvøy der dei fleste av sentrumsbygga ligg i dag. Som Støylen skildrar, ligg det ei "framifrå god hamn" like ved prestegarden; dette er Seljevågen rett sør for Nabben. Mot aust vert rommet avgrensa frå resten av bygda av ei lita skråning, slik at utsikta hovudsakleg er vendt vestover og utover mot øya Selja og Sildagapet; havstykket mellom Vågsøy i sør og dei opp mot 500 meter høge, graskledde klippene på Stadlandet i nord. Dersom ein står like ved prestegarden kan ein sjå fjella lenger sør i kommunen; Kvamfjellet og øya Barmen, og mellom desse lenger bak ser ein toppen av Hornelen i Bremanger, Nord-Europas høgaste havklippe.



Figur 4 Prospektkort/fotografi av Selje, teke av Thomas Bickhardt (BickFoto 2011). Seljesanden går frå Selje kyrkje og endar ved Selje prestegard og Nabben. Bak i biletet ser ein frå venstre: Kvamfjellet (774 moh.), Barmsund med Hornelen (860 moh.) som stikk opp bakom, Barmøy, Vågsøy, øya Selja med Ersholmen framfor, og heilt til høgre Stadlandet.

## 2.2 Naturtilhøve

### Klima

Klimaet i Selje kommune generelt er prega av kystvêr med mykje nedbør og milde vintrar, men lokalklimaet varierer stort. Området kring Stad er av dei mest vêrharde områda langs kysten av Noreg. Kommunesenteret Selje ligg lunt til langt inne på Stadlandet, og er dermed skjerma for det verste vêret. Likevel er hausten og vinteren prega av enkelte stormar og generelt mykje vind. Årleg gjennomsnittstemperatur for Selje er 6,7 °C, og årsnormalen for nedbør er 2100 mm (Metereologisk institutt 2011) (tabell 2).

Tabell 2 Temperatur- og nedbørnormalar for Selje for normalperioden 1961 - 1990

	Stasjon	Moh.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
<b>Temp.</b>	Selje	20	1,2	1,3	2,5	4,7	8,8	11,5	12,9	13,1	10,4	8,0	4,0	2,2	<b>6,7</b>
		59400													
<b>Nedbør</b>	Selje	20	179	138	151	110	91	105	136	168	276	263	253	230	<b>2100</b>
		59400													

### Geologi og jordsmonn

I følgje Norges geologiske undersøkelse (2011) er berggrunnen i Selje stort sett diorittisk til granittisk gneis, mange stader migmatittisk. På staden der Selje prestegard ligg, er det "Bart fjell", definert som område som stort sett manglar lausmassar, og der meir enn 50 % av arealet er fjell i dagen. På gamle fotografi av prestegarden og Nabben kan ein sjå bergknausar og myrområde, som viser at dette opphavleg var eit karrig område. Nærrområda til prestegarden er fuktige, delvis myrområde som seinare er grøfta og opparbeidd til jordbruksmark. Jordsmonnet har difor gradvis vorte bygd opp, og er truleg generelt påverka av jordbruksaktivitet (oppgjødsling) over lang tid, og tilføring av jord. Like nord for prestegarden ligg ei lang sandstrand, med lausmassetype "Marin strandavsetning". Dette gjev truleg utslag i jordsmonnet i prestegarden, ved at store mengder flygesand har vore med å bygd opp jordsmonnet, særskilt i den nordlege delen av anlegget.

### Vegetasjon

Selje ligg i boreonemoral vegetasjonssone (edellauv- og barskogsone) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h) (Moen 1999: 94, 126). Den naturlege vegetasjonen er prega av kystklimaet, og her fins difor store myrkopleks, særleg ombrøtrofe myrområde (Helle 1992). Her er herdigkeitssone H2 – H3, noko som vil seie at det på lokalklimatisk gunstige plassar kan vekse ømtolige hageplantar.

## 3.0 *Fortid – kulturhistorie*

Hove (Gnr. 56) er frå gammalt av hovudgarden i Selje, og omfattar det meste av det som i dag er Selje sentrum (Selje.info 2011a). Namnet Hove tyder på at det her kan ha vore eit "gudehov", ein lokal samlingsstad for heidensk gudsdyrkning, i siste del av vikingtida. På kart frå 1770-åra syner garden og kyrkja som "Have" (vedlegg 2). Oppstykkingsa av den gamle prestegardseigedom til byggjetufter, bustadhus, forretningar og fabrikkar, er det som har gjort Selje til ein tettstad i moderne tyding (figur 5). Hove vert ikkje nytta som namn på sjølve prestegarden lenger, sjølv om det heng att på fleire av tomtene som før låg under garden (til dømes Hove skule). Den offisielle nemninga er no Selje prestegard. Den lokale nemninga er oftast berre Prestegarden eller Prestelåna (lån = våningshus). Namna på dei kringliggande områda som før var knytte til prest og prestegard har fått andre bruksnamn, til dømes Seljesanden (som før har vore kalla Prestesanden) og Seljevågen (som før har vore kalla Prestevågen). Dette tyder på at kunnskapen om den tradisjonsrike kulturhistoria og om prestegarden som utgangspunkt for sentrumsutviklinga er i ferd med å bli gløymt.



Figur 5 Flyfoto av Selje sentrum, henta frå karttenesta Fylkesatlas (2011).

For å finne ut omtrent når Hove vart prestegard må ein over Hovsundet til klosterøya Selja, den opphavlege kyrkjestaden. Den første soknekirken i Selje vart truleg bygd på slutten av 1100-talet då landet vart delt inn i sokn (Djupedal, T. 1996: 144). Kirken låg på Bø, ein gammal storgard på austsida av øya Selja, men delte prest med Sunnivakirken som låg ved klosteret på vestsida (figur 6). Det er difor nærliggande å tru at også prestegarden i denne tida låg i nærleiken av Bø-kirken. I 1322 høyrer vi om presten Berg Kolbeinson som vart refsa av bispen i Bergen fordi han hadde forlate kirkja si og flytta inn til fastlandet (jf. vedlegg 1). Truleg hadde Kolbeinson då slege seg til på garden Hove, den største garden i kyrkjegodset, og som seinare vart permanent prestegard. Om Kolbeinson flytte tilbake til øya for ikkje å risikere å misse embetet sitt, er uvisst, men dei neste prestane budde truleg attmed Bø-kirken på øya som før. Den første gongen garden Hove er nemnd i skriftlege kjelder, er i jordeboka Bjørgvin Kalvskinn frå 1305 – 1360. Den fortel at kyrkjegodset midt på 1300-talet eigde 28 gardar verd tilsvarende 120 lauper smør (1 laup = 15,4 kg), dei fleste i Selje, men også i Bremanger, Vågsøy, Davik og Eid (Djupedal, T. 1996: 79). Av desse var Hove verd 20 lauper smør, over dobbelt så mykje som dei andre gardane.

Kyrkjegodset i lag med klostergodset utgjorde det såkalla Seljagodset, som på denne tida var det største godset i Nordfjord. Soknepresten må difor ha vore ein svært velståande mann.




Figur 6 Selje sentrum og øya Selja sett frå nordaust.

Akkurat når garden Hove vart permanent prestegard, veit ein ikkje sikkert, men historia tyder på at det har skjedd rundt reformasjonen i 1536-37 (Djupedal, T. 1996: 144). R. Djupedal (2010: 65) fortalte det slik: *"Då klosteret seig i røys og gardane på Selja vart lagde øyde, flytta soknepresten opp i fastlandet til garden Hove, den største garden kyrka åtte. Einast soknekirken stod att."* Kanskje var det Peder Gottfriedsson (ca. 1500- 1561), presten som gjekk over frå katolsk tradisjon til den nye læra, som gjorde Hove til prestegard i tida etter reformasjonen (jf. vedlegg 1)? Etter jordeboka for Bjørgvin bispedøme var garden i allfall vorten prestegard i 1585, med *"landskulde 2 våger fisk, utsæde 9 tynner havre og bygg, kunne fø 2 hestar og 30 naut"* (Os 1957: 397). Soknekirken vart flytta etter i 1654 og sett opp att på neset som stikk ut nord for Seljesanden, på prestegarden sin eigedom. Meininga var først at kyrkja skulle setjast opp på Hagevollen, som Neumann skildrar: *"tæt ved det faste land, der hvor Præstegaardshagen nu ligger"* (i følgje Djupedal, R. 1966: 90).

I 1890 rekna Embedsgårdskommisjonen ut etter synfaring at garden, med innmark og utmark, hadde ei jordvidd på rundt 2500 mål, i tillegg til anna beitemark og torvtak i utmarka (Os 1957: 397).

Innmarka var "93 mål dyrka mark, 159 mål udyrka og eit tun på 3 mål, i alt ei jordvidd heime på 255 mål, alt i eitt stykke." Heilt fram til 1958 låg det 10 husmannsplassar under prestegarden (Dam-Nielsen 2001). Eit utsnitt av kartet som Embedsgårdskommisjonen laga etter synfaringa i 1890, viser nokre av husmannsplassane, nausta og budene som låg under prestegarden (figur 7).



**Figur 7 Utsnitt av kart over heile prestegardseigedomen i 1890, merka:** "Selø prestegaard. Optaget for vestenfieldske Embetsgaardcommisionen, af P. Pedersen 1890." Seks av dei sju husa ein ser ved "Præstgaarden" på høgre side av kartet står enno, medrekna Borgstova i midten av tunet som er flytta frå sin opphavlege plass. Biletet er henta frå boka *Gamle Selje* (Djupedal, Reidar 2010: 251).


Eigar av Selje prestegard i dag er staten, ved Opplysningsvesenets Fond. Fondet vert forvalta av Forvaltningsorganet for Opplysningsvesenets fond, underlagt Kultur- og kyrkjedepartementet (no: Fornings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet), og er ein av dei største grunneigarane i landet (Opplysningsvesenets Fond 2011). I tillegg til at dei eig mange prestegardar, festetomter og store skogareal, har dei ansvaret for 434 prestebustader, der 104 av dei er freda. Verksemda deira skal kome Den norske kyrkja til gode, og dei har difor ansvar for å halde bustad for prestar og yte pengestøtte i form av ulike tilskot. Dette inneber også buplikt for prestar på mange prestegardar, også i Selje.

### **3.1 Tunet og bygningsmiljøet**

Tunstrukturen i prestegarden har endra seg ein del opp gjennom åra, etter funksjon og behov. Dette har også fått mykje å seie for plassering og utforming av hageanlegget. For å forklare utviklinga av tunet, startar eg med ei skisse av den noverande situasjonen, som referanse til skildringa av tunet. Deretter skildrar eg den eldste tida ein anar korleis det såg ut, kring 1700, og fortset framover mot dagens situasjon.

#### *Tunet i dag*

Slik tunet ser ut i dag, har det sett ut sidan 1968, då den gamle Borgstova var flytta for andre gong, tilbake til prestegardstunet til sin noverande plass (figur 8). Bygningane i Selje prestegard vart freda av Riksantikvaren den 15.november 1991 med heimel i Kulturminnelova § 15 (jf. vedlegg 3). Fredinga omfattar 6 bygningar: Prestelåna (hovudbygningen), "Skulen", eldhuset, stabburet, vedskjulet og Borgstova. I reguleringsplan frå 4. januar 1985 er prestegardstunet regulert som "verneverdig bebyggelse".




Figur 8 Skisse av prestegardstunet slik det ser ut i dag, i tillegg til omriss av sentrumsparken og det kringliggende vegsystemet og bygningar/strukturane i sentrum. Dei merka bygningane er: Prestelåna (1), Skulen (2), eldhuset (3), stabburet (4), vedskjulet (5) og Borgstova (6). I og ved Sentrumsparken er ein paviljong (bygd i 1986) merkt som bygning nr. 7, og to turist-/sanitærbygg merkt som nr. 8 og 9. Teikninga er basert på kartgrunnlag frå Fylkesatlas (2011).

## 1700-talet til 1866


Den eldste skildringa som er av bygningane i prestegarden, er frå synfaringar i 1695 og 1710 (Horgen 1999: 209). Desse fortel om ein herresal (prestebustad), som visstnok skulle vere i dårlig tilstand og kanskje gamal allereie i 1710. Før herresalen vart riven kring 1782 vart han omtala som "*den store låna med stor stove, senge- og bokammer, daglegstove og kjøken, samt værelser over*", og stod i følgje Støylen (1955: 34) omtrent der stabburet står no (jf. figur 8). R. Djupedal (1966: 183) fortel om Grønestova bygd av presten Peder Harboe Frimann (1713 – 1759), som hadde vakse opp i tunet som presteson og sjølv vart sokneprest i 1745. Grønestova stod litt sør på tunet, og prestefolket har truleg budd der ei tid fordi hovudbygningen var i dårlig stand. Eit dikt av son til byggherren, diktarpresten Claus Frimann (1746 – 1829), tyder på at han var fødd i Grønestova, altså kan ho vere bygd om lag då P. H. Frimann tiltredde som prest. Det var elles ein fast samlingsstad for folk, ei slags borgstove, der det mellom anna var både møter, dans, skule og konfirmasjonsførebuing. Andre innhus på 1700-talet var eldhus og dreierbu, som var presten sitt åbotshus og seinare vart kalla Skulen (Horgen 1999: 209). Åbot kan omsetjast til "erstatning som brukaren av fast eide må betale for manglande vedlikehald" (Ordnert 2011). Eit åbotshus derimot, var ei bygning som brukaren av eideomen til ei kvar tid hadde ansvaret for å vedlikehalde, i dette tilfellet presten. Ansvaret for resten av bygningane fall då på ålmenta.

Då Clemens Schmidt skulle tre til som ny prest kring 1782-84 vart det sett opp ny hovudbygning og borgstove, som framleis står i dag (Horgen 1999: 209). Det var på denne tida ålmenta si plikt å halde prestebustad og borgstove. Den seinare presten Gabriel Heiberg opplyste i ein åbotstakst frå 1806 at borgstova måtte "aldeles nedrives", då ho var for lita til å bli brukt som bustad for paktaren - og kanskje fordi den også var for lita til å bruke som samlingsstad for kyrkjefolket. Ålmenta godtok presten sitt krav, men truleg vart det aldri bygd ny borgstove, då ein har skriftlege kjelder frå slutten av 1800-talet og starten av 1900-talet som seier at den noverande borgstova var bygd ny i 1784 (mellan anna ei synfaring frå 1899 som opplyste at borgstova då var 100-110 år gammal). Kring 1782 vart også Grønestova og Skulen nemnde, og av uthus på tunet var stabbur, eldhus, lade, kufjøs, smalefjøs, geitefjøs, grisehus, hønsehus og torvhus (Os 1957: 399).

Frå 1833 har vi ei skisse av oberstløytnant Vossgraff som syner korleis husa låg då, og dette stemmer ganske nøyaktig med skildringa frå 1782 – 84, jamfør figur 17. Eit måleri av F. W. Schiertz frå midten av 1800-talet kan også stadfeste plasseringa til Skulen, det store eldhuset, borgstova og Grønestova (figur 9). Ut i frå dette kan ein lage ei skisse som syner husstrukturen frå litt før 1800 til rundt 1850, kanskje like til 1866 (figur 10).



Figur 9 Seljesanden og prestegarden måla av F. W. Schiertz på midten av 1800-talet (Riksantikvarens arkiv 2011). Prestelåna og borgstova er prega av vølinga i 1840, då dei vart måla kvite. Prestelåna fekk då også nytt tegltak og nye vindauge, nokre større, til erstatning for torvtaket og blyvindauga som hadde vore der før.



Figur 10 Nokolunde slik kan prestegardstunet ha sett ut frå om lag 1800 til 1866. Dei merka bygningane er: Prestelåna (1), Grønestova (2), Borgstova (3), eit eldhus (større enn det som er der i dag) (4), Skulen (truleg ei mindre bygning enn den noverande, med éi etasje) (5) og eit stabbur (6). Dei andre bygningane (uthusa) er i følgje Vossgraff si skisse: Grisehus (7), hønsehus (8), geitehus (9), sauefjøs (10), kufjøs (11), lade/låve (13), stall (14) og jektenaust (15). Nr. 12 kan ha vore eit lite tilbygg til lada, jamfør fotografi frå 1866 (figur 11).

## 1866 - 1890

I 1866 vart mange av dei gamle uthusa rivne, og prost Koren sette opp ei ny, stor lade (Djupedal, R. 1966: 108/189). Det eldste biletet vi har frå prestegarden, er teke før dette skjedde, og syner tunet og nokre av dei gamle uthusa (figur 11). I 1883 vart Grønestova riven av prost Strømme, og han brukte tømmeret herifrå til å bygge ei andre høgd på Skulen (Djupedal, R. 1966: 183). Os (1957: 399) skriv om denne hendinga: *"Bygdefolket hadde hatt tilhald der til å fli og fjelga seg, leggja frå seg ferdakle og anna når dei var til kyrkjes for brudeviglse, barnedåp eller anna høgtid. Ungdommen hadde hatt stova til samkommer av ulike slag òg. Det var ikkje noko anna tenleg hus til det i bygda den gongen. Folk tykte det var ubeinsleg gjort av prosten å ta frå dei Grønestova."*

Sjølv om talet på uthus var redusert, hadde tunet framleis funksjon som eit gardstun, og kan seiast å framleis ha vore "baksida" av prestegarden. Framsida var då fasaden som vende mot vågen og sjøen, der all trafikken gjekk før vegane vart bygd (figur 12).



Figur 11 Dette er det eldste fotografiene som er å finne av Selje prestegard (Djupedal, R. 1966: 189). Det må vere frå før 1866, då ein framme ser fire gamle uthus som vart rivne dette året. Midt på tunet frå venstre ser ein: Grønestova, Prestelåna, Borgstova (kvit), og eit større eldhus.




Figur 12 Eit av dei eldste bileta av Seljebygda frå 1880-åra (Djupedal, R. 2010). Til høgre ser ein prestegarden med fasaden som vende ut mot vågen. Framfor prestelåna ser ein eit gammalt styva tre (truleg alm). Heilt framme i biletet er prestegardsfolket som skjer torv på myra.

### 1890 - 1966

Borgstova stod framleis midt på tunet fram til 1920-talet, slik ein kan sjå på ein situasjonsplan frå 1923, jamfør figur 26. Denne planen, i tillegg til kartet frå 1890 (jf. figur 7), er grunnlaget for ei skisse av tunstrukturen slik det kan ha sett ut frå rundt 1890 til midten av 1920-talet (figur 13). I 1923 var det også kome eit eldhus aust for Skulen og eit vedskjul aust for stabburet, men kva tid desse er bygd er vanskeleg å fastslå. Av skissa til Vossgraff stod ikkje det vesle eldhuset der i 1833, men eit større eldhus, kanskje i lafta tømmer (jf. figur 11). Situasjonsplanen frå 1923 syner også ein jordkjellar aust for dette eldhuset.

I 1926 vart det reist ny bustad til forpaktaren, som før hadde brukt den vesle borgstova som bustad ei tid (Horgen 1999: 209). Borgstova vart deretter flytt ut i Gamlehagen nord for vegen i 1927, der prost Reiel Nybø ville nytte den som arkiv og starten til eit bygdemuseum (Nybø 1968: 230). Med dette kan ein seie at funksjonen til tunet vart ”snudd”, og tunet der borgstova hadde stått vart gjort om til hage og ”framsida” av prestegarden (figur 14). Men like fram til rundt 1960, då den store lada vart riven, var det framleis ei viss gardsdrift i prestegarden (Djupedal, R. 1966). I 1966 vart så Borgstova, etter oppmoding frå Fylkeskonservatoren, flytta tilbake til prestegardstunet til den noverande staden aust for vedskjulet.



**Figur 13** Skisse av prestegardstunet, omtrent slik det såg ut mellom 1890 og 1927. Dei merka bygningane er: Prestelåna (1), Skulen (2), eldhuset (3), stabbur (4), vedskjule (5), Borgstova (6), lada (driftsbygning) (7) og ein utedo (8). Der var også ein jordkjellar eit stykke til høgre for eldhuset. Den skraverte delen av vedskjulet kan vere ei forlenging/tilbygg som seinare er rive.




**Figur 14** Prestegardstunet om lag 1930. Borgstova er flytt til Gamlehagen. Lada (t.v.) var bygd i 1866 og riven kring/etter 1960. Til høgre ser ein litt av jordkjellaren, som seinare vart fjerna. Fotograf: Storegjerdet (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane 2011a).

## 3.2 Hageanlegget

### 3.2.1 "Gamlehaven" (1750 til 1970)

Det første ein hører om noko hageanlegg ved prestegarden i Selje, er historia om då presten Peder Harboe Frimann (1713–59) "dyrka opp prestegardshagen, planta tre og la opp ein steingard kring til livd for vind og vêr" (Djupedal, R. 2010: 242) (figur 15). Medan Frimann la opp denne steingarden, forlyfte han seg på ein Stein som to menn ikkje greidde å rikke, og i følgje segna vart dette banen hans. Restar av steingjerdet stod heilt til ut på 1950-talet, rett attmed vegen nord for den noverande prestegardshagen (Støylen 1955: 28). Om segna fortel noko av sanninga, nemleg at arbeidet med steingarden øydela helsa til Frimann, kan ein anta at dette hageanlegget vart til i åra før han døydde, altså rundt 1750. Frimann var nok ein typisk "potetprest" i tråd med opplysningstida og fysiokratien på 1700-talet – han var ein dugande mann som fekk tillit i folket ved å ta del i det daglege arbeidet (figur 16). Mellom anna tok han seg av skulestell og fattigstell, og var som historia om steingarden syner, ein ivrig jordbrukskar og bonde.




Figur 15 Peder Harboe Frimann (1713 - 1759), som fekk i stand prestegardshagen i Selje kring 1750. Han var sokneprest i Selje frå 1745 til han døydde i 1759. Biletet er henta frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (2011b).

*Potetprest* er eit omgrep brukt om prestar som var pionerer innafor norsk jordbruk og hagebruk på 1700-talet, og spesielt for dyrking av poteta og andre nyttevekstar. Omgrepet dukka opp etter at den pietistiske tradisjonen hadde vakse fram i Noreg på 1800-talet. Det var då negativt lada og latterleggjorde opplysningstida sin filosofi om å betre jordbrukskulturen og bringe opplysning til "allmuen". Potetprest i utvida tyding femner om alle prestar og prestekoner som gjorde ein innsats for framgang i landbruket, og som har sett spor etter seg i lokalmiljøet.

Figur 16 Omgrepet "potetprest" (etter Horgen 1999: 116).

I ei gamal reiseskildring frå 1824, *Bemærkninger paa en Reise i Søndmør og Nordfjord*, vert landskapet rundt prestegarden og dei gamle trea som Frimann planta i hagen sin skildra (Neumann 1824): "Terrainet er saare trangt omkring Præstegaarden, og indskrænker sig fast blot til hvad Mark der ligger imellem den og Kirken, hvor enkelte Træer endnu staae af de Plantninger, som Præsten Peder Harboe Frimann engang efterlod sig." Gamlehagen såg truleg ut som ei blanding av den typiske "urhagen" og ein renessanseprega hage (jf. tabell 1). Skard (1950: ii5b) nemner Selje som eit døme når han karakteriserer dei eldste prestegardshagane – som regel låg dei utan samanheng med husa på garden. Gamlehagen i Selje var nettopp ei slik kvadratisk innhegning som låg litt utafor sjølve prestetunet, noko ein kan sjå på den eldste situasjonsplanen vi har over prestegarden; oberstløytnant Vossgraff si teikning frå 1833 (figur 17). Av denne stiliserte teikninga kan det sjå ut som det stod frukttre på rekke og rad inne i kvadratet, med ulike tre eller busker langs ytterkantane og steingarden.



Figur 17 Selje prestegard med Nabben og Gamlehagen/Hagevollen, teikna av oberstløytnant Vossgraff i 1833 (frå Djupedal, R. 1966: 108). Teksten til høgre seier: "Bygninger paa Eids Præstegaard [feilskriving, skal vere Selløe/Selø]. N 1. Hovedbygning 2. Skolen 3. Stolpebod 4. Grisehus 5. Hønsehus 6. Gjetehus 7. Grønstuen 8. Borgstuen 9. Ildhuset 10. Smalffjøs (Sauehuus) 11. Lade og Laave 12. Koefjøs 13. Stald 14. Jægte-Nøst 15. Søebod og Brygge 16. Tiendebod 17. Baad Nøst 18. Kongstiende Bod 19. Bonde Høster".

Tidlegare sokneprest Sverre Bernhard Nybø skildra i minneskriftet "Prestegård på sagagrund" det han kalte "Gamlehaven", og fortalte om flyttinga av borgstova i 1927 (Nybø 1968: 222) (figur 18). Sverre Nybø var son av Reiel Nybø som var prest i Selje frå 1911 til 1936. Sverre sjølv var hjelpeprest nokre år, og tok over embetet etter far sin i 1936, fram til 1938 (jf. vedlegg nr. 1). Som Nybø skriv her, var hagen *skjønnsamt planlagd* og vart brukt til kaffepllass på søndagar, med bord og benkar og *små utgravne rundingar i terrenget*. Det er ikkje tvil om at dette ein gong har vore ein storlått prestegardshage, sjølv om teksten ber preg av ein del romantisering og kan innehalde noko overdriving. Gamlehagen, eller

Storehagen og Hagevollen som han òg vart kalla, inneheldt tidleg på 1900-talet framleis både nytteplantar og prydbusker; frukttre, bærbusker, prestegardsrosor og pimpernellrosor, syrin, balsampoppel og sikkert også dei gamle lerketreane som står der den dag i dag. Dei sistnemnte kan ein sjå føre seg at det var soknepresten Landmark (1820 – 1882) som planta i 1876, då han mellom anna planta 400 lerketre (europeisk lerk - *Larix decidua*) på Ersholmen nordaust for Selja, som ei av dei første skogplantingane på Vestlandet (Djupedal, T. 1996: 145).

Utover på 1900-talet verkar det ikkje som om det verken var lyst eller økonomi til å vedlikehalde den gamle hagen. Då hovudvegen kom og skilde Gamlehagen frå tunet, fekk presten Reiel Nybø anlagt ein ny hage ved sjølve prestebustaden, og Gamlehagen vart nok berre brukt som han var.

*"Midt på tunet sto "bårstova" – en liten bjelkestue som sammen med rommene i første etasje i "skulen" ble brukt til bolig for forpakteren. Tidligere, f. eks. i prost Korens tid, hadde den nok vært brukt til drengestue. Dette huset ble senere av min far flyttet ut av tunet og anbragt i det vi kalte "gamlehaven". Fars idé var å bruke det som arkivbygg og begynnelsen til et bygdemuseum.*

*Gamlehaven var blitt skilt fra tunet ved bygdeveien og en ny have anlagt ved selve hovedbygningen. Den gamle haven bar enda preg av kultur og skjønnsom planlegging. Der vokste bl.a. en del stikkelsbær- og ripsbusker og noen morell- eller kirsebærtrær. Det var lavet små utgravde rundingar i terrenget med pimpernelle og prestegårdsrosor rundt – og jeg kan ennå gjenkalde den fine duften av disse i erindringen. Balsampoler og syriner omkranset kaffepllassen hvor vi hadde bord og benker og dro på kaffetur søndag ettermiddag på fine sommerdager. Nu er det nok borte det meste av dette."*

Figur 18 Utdrag frå minneskriftet "Prestegård på sagagrund" av tidlegare sokneprest i Selje, Sverre Nybø (1968: 222).

I 1897 var det gjennom "Lov om geistlege embetsgardar" blitt oppretta eit kommunalt prestegardstilsyn som skulle føre tilsyn med prestegarden og bygningane der, og difor også føre tilsyn med vedlikehald av hagen. I referat frå ei synfaring eller "synsforretning" Prestegardstilsynet hadde den 19. juli 1927, nemner dei berre så vidt *gjerdet rundt hagen* (Prestegardstilsynet 2011): "*Rundt Storehagen er sett opp nytt gjerde av einepålar og netting med slettstreng oppe og nede. På eit stykke var sett pålar av stein. Ein har ingen merknad å gjere om hagen.*" Borgstova vart same året flytt frå midt på tunet, til midt i Gamlehagen, der ho stod fram til 1966 (figur 19). Året før, den 21. og 22. juli 1926 var det påpekt at nokre av trea i hagen var tørre og burde fjernast. Bodskapen frå 1926 og 1927 vart gjenteken i 1937, og at gjerdet framleis var solid og i god stand.



**Figur 19 Borgstova i Gamlehagen i 1965. Fotograf: C. Enger (Riksantikvarens arkiv 2011).**

Astrid Vårdal som var tenestejente i prestegarden rundt 1940, fortel at det stod mange frukttre i Storehagen, men at desse ikkje vart hausta då fruktene var fulle av makk, jf. vedlegg 4 (Vårdal 2010 pers. medd.). Vidare fortel ho at: "*Det stod no sånn te at det fekk ikkje stå so lengje i ro, da so va etandes. Det stod jo midt i veien.*" På 1950- og 60-talet vart Gamlehagen og gjerdet rundt berre meir og meir til nedfalls, og frå ei synfaring ved Prestegardstilsynet den 13. juli 1955 vert det skrive at Gamlehagen var "*mindre velstelt grunna manglende vedlikehald*". Fem år etter, den 10. oktober 1960, var det også usikkert kven som skulle ha tilsyn med rydding og grasklipping i hagen, noko som tyder på at hagen låg som attgroingsareal utan at nokon ville ta tak i vedlikehaldet. Nyting av det gamle hagearealet til andre føremål har også vore oppe som sak ved møte i Prestegardstilsynet ved ulike høve, som areal for barnehage i 1955 og som areal for sjukestove ved Selje sanitetsforening i 1956. Begge søknadane gjekk nok ut etter ei stund, då det vart funne andre eigna plasseringar for føremåla.

I 1966 kom ei tilråding frå Riksantikvaren ved fylkeskonservatoren i Sogn og Fjordane til Kulturvernnemnda i Selje om at Borgstova måtte flyttast tilbake til den opphavlege plassen sin i prestegardstunet, og at det ikkje måtte byggast nærmare inn til prestegardstunet eller det gamle hageanlegget (vedlegg 5). Vidare råda han til at: "*Dette bør i framtidi tena som "park", utfartsstad og stemneplace for Selje.*" Som sagt, så gjort. Borgstova vart flytta tilbake same året, og plassert aust for vedskjulet, ikkje midt i tunet slik den stod før. Kring 1970 vart den gamle prestegardshagen omforma til eit offentleg parkanlegg, og berre dei gamle trerekkjene fekk stå igjen, slik ein kan sjå på biletet frå eit korpsstemne i 1974 (figur 20). Hagen vart planert ut og det vart laga til eit stort plenareal med grusgangar. Grusgangane kan ha vorte laga til før kongebesøket ved 900-årsjubileet for bispesetet på Selja i 1968, og den opphavlege utforminga av desse kan ein sjå på kommunekartet ajourført i 1974 (vedlegg 6). Det vart også laga til fire dammar, truleg kring eller etter 1970; ei av dei med fontene, og med busker og ymse stauder rundt. I 1986 vart "musikkpaviljongen" bygd, som framleis står. Dei siste åra har vedlikehald av dammar og grusgangar vorte noko forsømt, nokre tre er tekne ned, og ein ny sti/grusgang vart laga til i 2009 på privat initiativ (figur 21 og 22). Parkanlegget har difor gradvis vorte endra etter kvart – men trass i svært høg alder og vårutsett plassering står det framleis att noko av dei gamle trerekkjene i sentrumsparken, som truleg danna yttergrensene til den gamle prestegardshagen i lag med steingarden kring.



Figur 20 Sentrumsparken i Selje under eit korpsstemne i 1974. Fotograf: Håkon Berstad.



Figur 21 I dag er den opphavlege prestegardshagen omarbeidd til ein offentleg sentrumspark for innbyggjarane i Selje, og at parken deira ein gong vart kalla både Gamlehagen, Storehagen og Hagevollen er gløymt for dei fleste, iallfall den yngre generasjonen.



Figur 22 Sentrumsparken sett frå veggen mellom prestegarden og parken. Dei tre store lerkene kan sjåast i bakkant av parken. Til høgre ser ein ei av fleire gamle asketre i parken.

### 3.2.2 Hageanlegg kring bygningane

#### *Terrassar i vest og gardstun i aust (1800- og tidleg 1900-tal)*

Som tidlegare forklart, var vestsida av prestelåna mot Seljevågen funksjonelt sett framsida av prestegarden. Difor er det naturleg å tenke at prydplantar og tre på 1800-talet og kanskje endå tidlegare vart planta i dette området, og ikkje i gardstunet som låg på austsida. Men i ei tid då landskapet var snautt og lite nedbygd, og prestegarden låg ope til ut mot sjøen, var nok vest- og nordsida litt for værutsatt til at pryd- og hageplantar ville klart seg utan noko skjerming. Difor er det truleg at det her hovudsakleg var leplanting og skjermande tre som kunne løye vind og verne resten av hagen mot uvær. Skard (1950: ii6b og 1963: 86) nemnte Selje prestegard som eit døme på ein *terrassehage*; ein embetsmannsgard der hovudbygningen låg slik til at lendet hadde fall, og som difor hadde terrassar ved langveggen inntil huset. I tilfellet med Selje dreier det seg truleg om éi terrasse; altså eit skrånande areal som er oppbygd, gjerne med ein mur til støtte, og deretter utfylt og planert. Når denne terrassen vart laga og er uvisst, men den kan tydeleg sjåast på eit biletet frå 1935, med oppmura veg framføre (figur 23). Eit måleri av Bernt Tunold frå 1911 syner ein grasbakke med store tre ned mot fjøra, så kanskje vart ikkje terrassen bygd opp før etter dette (figur 24). Eit anna fotografi frå 1922 syner terrassen utan mur, medan muren langs vegen eksisterte allereie då, jf. vedlegg 12.



Figur 23 Prestegarden sett frå nordvest, fotografert av C. Enger den 4. desember 1935 (Riksantikvarens arkiv 2011). Murane på biletet er truleg vegen (nedst) og hagemuren framfor terrassen (øvst). Til venstre for hagemuren står ein dobbelpорт. Fjøra vi ser på biletet er no utfylt til veg og parkering, torg og kaiområde.

**Figur 24 Natt på prestegården**, måla av Bernt Tunold i 1911 (Wiig 1991). Ein ser vestveggen til prestelåna bak nokre tre til høgre, der grasbakken gjekk heilt ned til fjøra inst i Seljevågen. Til venstre ser ein landgangen over til Nabben og Selje kyrkje lenger bak.



På eit fotografi frå 1922 ser ein eit snau-ete gardsrom i tunet på austsida av prestelåna, noko som tyder på at det gjekk beitedyr i tunet (figur 25). Då kan ein rekne med at dei plantane ein fann der var giftige eller usmakelege for dyra. Til høgre i biletet, ved veggen til Borgstova, står ei plante som liknar kjempebjørnekjeks (*Heracleum mantegazzianum*). Denne kan ein også sjå ved skulen på eit fotografi frå 1921 (vedlegg 12).




**Figur 25 Dette fotografiet av arkitekt N. Tvedt frå 1922**, syner eit dyrerikt gardstun med både kattar og ender (Riksantikvarens arkiv 2011). Ved døra til Borgstova til høgre i biletet ser ein ei plante som liknar kjempebjørnekjeks (*Heracleum mantegazzianum*). Lenger bak i biletet ser ein Skulen, med plantar ved veggen som kan likne fagerfredlaus (*Lysimachia punctata*).

## Hage mot sør (tidleg 1900-tal)

Sidan vest- og nordsida av låna var eksponert for vêr og vind, og tunet på austsida hadde ein praktisk gardsfunksjon, låg den private prydhagen i prestegarden på sôrsida av prestelåna. Her låg den lunt til mellom låna, stabburet og ei skråning, med tre og busker som skjerma mot vêr og innsyn. Hagen i sør var skild frå gardstunet aust for prestelåna ved ein hekk og ei enkelgrind. På ein situasjonsplan over prestegarden av arkitekt Nils Tvedt i 1923, er denne delen av hagen teikna med grusgangar forma omrent som eit åttetal (figur 26). Frå perioden mellom 1910 til 1940 fins også fleire bilete og måleri som viser hageanlegget sør for prestelåna. Mellom anna vart stemninga fanga i eit måleri i 1911/1912, der nokre folk sit i skumringa på ein kvitmåla benk med rosablomstrande busker rundt, jamfør måleriet *Grå vårveld, Selje* av Bernt Tunold på oppgåveframsida. Omrent same motivet finn vi att på fotografi frå 1921 og 1938, der ein framleis ser benken midt i biletet (figur 27 og 28). Men hagen har kanskje eksistert lenge før dette; anlagt av ein blomsterglad prest eller prestefrue ein gong på 1800-talet. Nybø (1968: 222) skriv mellom anna: "*Gamlehaven var blitt skilt fra tunet ved bygdeveien og en ny have anlagt ved selve hovudbygningen.*" Akkurat når bygdevegen kom er meg uvisst, men det kan ha vore denne hagen som vart opparbeidd då vegen skilde prestetunet frå den eldste prestegardshagen lenger nordaust.


Slik området ligg i dag, er det lite eller ingenting att frå hageanlegget som vart nedteikna på situasjonsplanen i 1923. Området er framleis brukt som den mest private delen av hagen, og inneheld ein treplatting med levegg og busker kring. Her står også ein syrin frå kring 1980 som har vakse seg stor og kraftig. Men framleis kan spora etter det gamle hageanlegget ligge under grasmatta, sjølv om det ikkje er synleg for det blotte auget. Meir tydeleg ser ein spor av at hageanlegget fortsette lenger sørover i skråninga der det no berre er krattoppslag. Terrenget synet spor etter terrassar støtta opp av ein mur nedst, og ei hagetrapp av naturstein bind det heile saman. Truleg har ein hatt både pryd- og nyttevekstar i dette området, med tilgang til grønsaksåkrar på flata lenger bak (Vårdal 2010, pers. medd.). Kanskje var toppen av skråninga også ein velbrukt utkikspllass på 1800-talet og tidlegare, med utsyn over heile hamna i Selje?



Figur 26 Skisse over prestegarden med treplanting frå 1923, teikna av arkitekt Nils Tvedt for Riksantikvaren. Sør (til venstre) for prestelåna (svart bygning) ser ein den private hagen til prestefolket, med grusgangar og buskplantingar rundt. Den viser også den eldste plasseringa for Borgstova ("borgenst.") midt på tunet, og Gamlehagen nordaust for prestegarden. Utsnitt av teikning frå Riksantikvarens arkiv (2011).



Figur 27 Prestelåna og hagen sett frå sør i 1921 (Riksantikvarens arkiv 2011). Ein kvitmåla benk med tre sitjeflater står midt i hagen. Fotograf: F. Bull.



Figur 28 Hagen sør og vest for prestelåna fotografert av C. Enger 4. desember 1938 (Riksantikvarens arkiv 2011). Det vesle tilbygget til venstre på kortsida av prestelåna kan ha vore eit slags "svalskåp". Dette er seinare teke vekk.

## Hagen vert utvida mot aust (om lag 1930)

Borgstova vart flytta frå gardstunet til Gamlehagen i 1927. Dette gjorde plassen aust for prestelåna meir rommeleg, og den dåverande presten Reiel Nybø fekk plass til å utvide hagen. Sonen Sverre Nybø (1968) skriv om mora sine mange syslar i heimen, mellom anna med roser i hagen, og safting og sylting om hausten (figur 29). Dette tyder på at roser, bærbusker og truleg også frukttre var viktige bestanddelar i hageanlegget. Hagen i tunet vart etter kvart opparbeidd med bed, busker, gjerde og port med steinstolpar, som syner godt på eit fotografi frå 1935 (figur 30). Omtrent der Borgstova hadde stått vart det laga til eit rundt bed kanta med kvite steinar (figur 31). Vårdal (2010, pers. medd.) fortel i eit intervju at i dette bedet planta dei "vårblomster", truleg laukar som blomstra til ulike tider av året, jf. vedlegg nr. 4. Ho hugsar ikkje kva som stod i midten på bedet, men det var mogleg at det var ei rose eller ei anna lita busk.

*"Mor hadde mange jern i ilden. Det var de huslige sysler - [...] safting og sylting om høsten og fra tidlig vår til senhøsten, haven med stauder og roser, særleg slyngroser, som var mors spesialitet. Vi syntes alle det var litt av en høytid når "sommerens siste rose" – eller rettere sagt "vinterens siste rose" fra sydveggen prydet julebordet."*

Figur 29 Nybø (1968: 230) fortel om prestefrua sine syslar i prestegarden.



Figur 30 Fotografi av prestegardstunet frå 1935, henta frå Os (1957: 402). Til venstre for tilbygget til prestelåna kan ein skimte grinda oghekken som skilde privathagen sør for huset frå resten av tunet.



Figur 31 Postkort frå 1935 med prestegarden og hagen i tunet som motiv (Riksantikvarens arkiv 2011). Borgstova er flytta, og i midten er det laga eit kunstferdig utforma rundt bed, med kontrasterande kantstein.

Vårdal kom som tenestejente til prestegarden nyårsaftan 1940. Dette var i krigsåra, noko som sette preg på hagestell og prioriteringar. I 1940 var det Tungesvik som var prest, jf. vedlegg nr.1, og familien som hadde lagt si sjel i opparbeiding av hagen på tunet var borte frå bygda. Vårdal fortel at hagen generelt var lite pynta i denne tida, og det var lite som var gjort med tunet. Arbeidet i hagen gjekk med til å halde vekke ugras og vatn som samla seg i hellegangen. Denne var då svært därleg halden, og mange av hellene låg skeive. Trass i karrige tider, hugsar Vårdal mange plantar og element som var i hagen, mellom anna snøklokker (*Galanthus nivalis*) spreidd utover plenen, og gamaldagse påskeliljer (*Narcissus pseudonarcissus*) både i bed og i plenen vest for prestelåna. Ho hugsar også at det stod eit rosetre på kvar side av inngangen og ei kvit prestegardsrose i bakken sør for hovudbygningen. Kanskje stod det også kvit prestegardsrose på tunet. Men spesielt godt i minnet står dei store og gamle trea, og ho påpeikar at nokre av dei er tekne ned etter at ho reiste derifrå. Det var også bed langs austveggen på kvar side av inngangsdøra slik det også er i dag, og ho hugsar der var gule dagliljer (*Hemerocallis lilioasphodelus*). Ved vestveggen til prestelåna stod ei stripe med påskeliljer, og det kunne sjå ut som der før hadde vore eit bed. Presten Tungesvik hadde berre bed på framsida (austsida) av huset.

Av nytteplanter var der bærbusker – både rips (*Ribes rubrum*) og solbær (*Ribes nigrum*) på tunet, og stikkelsbær (*Ribes uva-crispa*) ved vegen vest for låna. På flata ovafor skråninga sør for tunet hadde dei gulrøter (*Daucus carota*) og smålauk (sjalottlauk – *Allium cepa*), og kanskje også persille (*Petroselinum crispum*) og kålrabi (*Brassica napus*). Mykje av dette var dessverre dårleg og makkete; ”*Da va sånt varmeår, so da va litt fuktigt, og innmari med flåge og insekt.*” Lauken var bra, fortel Vårdal, men etter kvart kom det sjukdom (laukgråskimmel eller laukbladskimmel) på dei slik at dei overjordiske delane visna ned. Det stod også eit tre mellom stabburet og låna, som i følgje Vårdal kan ha vore eit frukttre. Åkrane som høynde til prestegarden elles låg på flata langs etter Seljesanden nord for prestegarden. Eit notat av Selje Jordstyre med tal frå 1945, syner at åker og hage til saman utgjorde 16,5 daa av innmarka på til saman 82 daa (Prestegardstilsynet 2011) (tabell 3).

**Tabell 3 Selje prestegard sitt innmarksareal i 1945. Etter notat av Selje Jordstyre (Prestegardstilsynet 2011).**

Bærbusker og frukttre m.v.	0,5 daa
Åker og hage	15,5 daa
Eng og dyrka jord	13 daa
Naturleg eng på innmark	42 daa
Beite på udyrka jord	10 daa
<b>Innmark i alt:</b>	<b>82 daa</b>

Elles var terrenget i hagen noko annleis enn det er i dag, fortel Vårdal, og der Borgstova no står var ein liten haug. Aust for tunet stod ei dobbelgrind, og vest for huset meiner Vårdal det stod ei enkelgrind. På ulike biletet frå 1930-talet kan ein likevel sjå at begge portane hadde doble grinder (jf. m.a. figur 23). Av ulike biletet frå sein 1930-tal kan ein sjå at det smått om senn var gjort inngrep og forenklingar i beda og hagen, til dømes ved ei vøling i 1939, då huset vart skrudd opp og det vart grava ut mura kjellar (figur 32a, b og c). Konservator Cato Enger ved Riksantikariatet stod for vølinga, og dei fann då leivder etter eldre hus og merke etter påbygging (Os 1957: 398). På dei same biletene kan ein sjå klatreplantar opp etter veggen på prestelåna. Av eit nærbiletet av inngangspartiet frå 1922, kan det sjå ut som dette er villvin (*Parthenocissus* sp.) (vedlegg 12).



a)



b)




c)

Figur 32 Tre fotografier teke av Cato Enger før, medan og etter vølinga på huset i 1939: a) er teke den 4. desember 1938, b) den 18. oktober 1939 og c) den 25. juni 1940 (Riksantikvarens arkiv 2011). Bileta a) og c) syner austveggen av prestelåna. Ein ser at mykje av plantematerialet vart fjerna under vølinga. b) syner det nord-vestre hjørnet på prestelåna, og trappa som gjekk ned til porten og vegen på vestsida i første halvdel av 1900-talet.

## Forenkling av hageanlegget (om lag 1950 og framover)


Frå 1950-talet og utover vart Prestegardstilsynet meir involvert i utforminga av hageanlegget kring bygningane i Selje prestegard. Årsaka til dette kan vere at det stadig var utskiftingar i sokneprestembetet. Somme somrar var prestegarden utan bebuarar, og då måtte det presserande vedlikehaldet gjerast av andre. Ulike inngrep vart også gjort, til dømes vart det i 1956 vedteke at nokre av trea vest for prestebustaden skulle takast ned, då dei skugga for prestegarden (Prestegardstilsynet 2011). I 1957 vart det laga ei skisse over kva tre som skulle hoggast ned og fjernast (figur 33). Mellom anna 2 rogner (*Sorbus sp.*) var vedteke fjerna, som hadde "ingen salsverdi", men av skissa ser det ut til at dei største trea fekk stå. Truleg vart det også teke vekk nokre platanlønn (*Acer pseudoplatanus*) og furutre (*Pinus sp.*). Vedtaket vart gjort på grunnlag av eit spørsmål frå dåverande prest Eidem om "i kva mun" han kunne disponere prestegardshagen. Det vart bestemt at presten fekk disponere hagen etter eige ynskje.



Figur 33 Skisse med kryss over dei trea som vart vedteke fjerna (Prestegardstilsynet 2011). Til venstre, i nordvestre hjørnet av hagen, vart truleg eit par furuer fjerna. I midten, vest for prestelåna, ser ein kryss over ei rogn og eit par andre tre. Heilt til høgre vart ei rekke med platanlønn tynna ut.

Etter ei synfaring den 10. oktober i 1960 tilrådde Prestegardstilsynet at det måtte utarbeidast ein plan for hageanlegget, "slik at den kan verta ei verdig råme om dei gamle husa" (Prestegardstilsynet 2011). Vegen var i ferd med å verte utvida, og difor var det gamle gjerdet omkring prestegarden teke vekk. Det vart då også snakk om å få til ei ny inngjerding kring hagen og gardstunet. Driftsbygningen

(lada) til prestegarden var riven kring/etter 1960, og i området der den hadde stått, stod det att ein del murrestar. Ein teikning frå 1967 syner prestegarden slik situasjonen var i 1967, med omrisset av den rivne lada (figur 34). Etter ei "beskjeden løyving" vart området jamna ut og grovt planert, jf. brev til Kyrkjedepartementet, vedlegg 7. Deretter hadde dei ikkje midlar til meir, men klarte på frivillig basis å halde ugras og kratt nede. Likevel, som Prestegardstilsynet skreiv i sitt brev til Kyrkjedepartementet i 1968, "*har det ikkje vorte til noko pryd for sentrum av bygda, noko den nære hagen omkring hovedbygningen heller ikkje har vore dei siste åra.*" (figur 35).



Figur 34 Situasjonsplan frå teikna av arkitekt M.N.A.L. Hans Magnus (Riksantikvarens arkiv 2011). Ein kan sjå omrissa der lada ("låvebygn.") og borgstova ("borgerstuen") før hadde stått. Gjerdet som var mellom tunet og arealet lenger aust er også innteikna. Plassering av tre kan vere usikker, men planen gjev eit inntrykk av korleis hageanlegget såg ut i denne tida. For området sør for prestelåna ("hovedbygning") er forskjellen frå situasjonsplanen i 1923 stor, jamfør figur 26.



Figur 35 Hagen var attgrodde og såg ustelt ut i 1967. Bjørka til venstre står enno. Foto: K. Gjerdahl, 1967 (Riksantikvarens arkiv 2011).

Ei anna årsak til å få utarbeidd ein plan, var å få hagen i stand til det store 900-årsjubileet i 1968 for oppretting av bispesetet på Selja. Planen vart laga av fylkesgartnar Sigvald Rørtveit i 1968, der det var teke sikte på eit anlegg med enkelt opplegg og enkelt vedlikehald (vedlegg 8). Sjølv planen er ikkje framskaffa, berre skrivet frå fylkesgartnaren og plantelista.

Det ser ut til at Prestegardstilsynet ikkje fekk løyvd nok midlar til å gjennomføre sjølve plantinga av hagen, jf. vedlegg 9. Plantelista vart truleg gjeven som retningsline til soknepresten, slik at han kunne påkoste hagen med nye plantar sjølv. Av det som står att i hagen dag, ser det likevel ut til at berre éin av artane vart skaffa rundt 1970 – nemleg ein svensk asal (*Sorbus intermedia*) planta som skjerming mot veggen mellom Skulen og eldhuset, jf. plantelister i kapittel 4. Av artane på plantelista vart det seinare (rundt 1980) planta syrin (*Syringa vulgaris*), men dette kan vere tilfeldig og utan samanheng med fylkesgartnaren si planteliste.

Då planteplanen ikkje var råd å få gjennomført, stod det att å få til eit hagegjerde og å få stelt tunet nokolunde til kongeparet skulle vitje bygda ved jubileet i august 1968. Sjølv om departementet til vanleg ikkje gav tilskot til hagehald og nyplanting ved prestegardane, fekk soknepresten i april 1968 løyvd ein sum på 3000 kroner til ”turvande rydding og planering av hagen”, jf. vedlegg 9. Dei hadde fått køyrd til planeringsjord til hagen same året, og arbeidet vart utført slik at hagen var graskledd og såg bra ut innan juli 1968. Arbeidet var gjort etter planen til fylkesgartnaren, noko som innebar ein del småplanering, men ikkje større endring av terrenget.

Hagegjerdet tok det derimot lenger tid med. Søknaden med kostnadsoverslag frå Prestegardstilsynet hadde kome seint inn, så løyvinga til dette føremålet kom ikkje før i april året etter. Departementet meinte det var rett og rimeleg å gje tilskot til ”beskyttelse av hagen”, ettersom at området låg midt i sentrum av busetnaden. Gjerdet vart truleg sett opp i løpet av sommaren 1969, eit enkelt tregjerde langs vegane rundt heile området. Det mykje omtala hagegjerdet vart fjerna ein gong mellom 2006 og 2009.

I 1976 flytte soknepresten Erling Nerheim og kona Eldrid inn i prestegarden i Selje. Dei planta mange av buskene som framleis er å finne rundt i prestegarden, jf. registreringar i kapittel 4.2. Ei busk som derimot har stått i prestegarden heile tida, i allfall frå tidleg 1900-tal, er den kvite prestegardsrosa (*Rosa x alba 'Maxima'*). I 1975 var kvitrosa stor og riktblomstrande der den stod på tunet framfor stabburet og kjøkeninngangen til prestelåna (figur 36). I dag er den heller eit trist syn, med spinkel vekst og hengande greiner. Distriktsantikvar Per Jahn Lavik og Ina Backer [no: Flokkmann] frå Riksantikvaren var på synfaring medan ekteparet Nerheim budde i prestegarden, den 9. mai 1980. Backer hadde tydelegvis også auge for heilskapen i kulturmiljøet, og i referatet frå besøket peika ho på at hagen tidlegare hadde strukke seg lenger bort mot det som no er park, og at ”*her burde absolutt satses penger for å sette i stand dette som må sies å være et veldig fint kulturminne*” (vedlegg 10). Soknepresten hadde då også beklaga at den gamle hagen var øydelagd ved at det var sådd plen over det heile.



Figur 36 Fotografi av prestegardstunet i 1975. Til venstre i biletet er kvitrosa, stor og riktblomstrande. Biletet syner også ei sterkt omarbeidd og planert plen framfor prestelåna. Fotograf: H. Christie, 2.8.1975 (Riksantikvarens arkiv 2011).


I dei seinare åra er det difor ikkje gjort mykje utformingsmessig med hagen. Ekteparet Nerheim var kan hende dei siste bebuarane som hadde overskot til å legge ned arbeid i hageanlegget. Dei reiste frå Selje i 1991, og fram til 2011 har det budd tre ulike sokneprestar med familie over lengre periodar i prestegarden. Det har i ettertid truleg vore noko planting i beda, nokre tre er tekne ned eller har ramlia over ende i stormar, og leikestativ og inngjerding har kome til og teke vekk att. Også flaggstanga har vorte flytta frå sin opphavlege plass i nord-vestre hjørne av prestegarden til plenen aust for prestelåna. Det mykje omtala hagegjerdet som vart sett opp i 1969, vart fjerna att ein gong mellom 2006 og 2009, då det var blitt gammalt og rote. Michael Wohlenberg var sokneprest i Selje frå 1996 til 2006, og hadde, i tillegg til tre smågutar, ein hund som trong eit ekstra mellombels gjerde rundt den store boltreplassen i prestegarden. I enkelte år har det også gått sau og beita på enga aust for tunet (figur 37).



Figur 37 Diverse inngjerdingar rundt prestegarden på midten av 2000-talet (Selje Kloster 2011). Det låge, raude tregjerdet heilt framme i stod i over 30 år før det vart teke vekk på grunn av rote.

### 3.2.3 Dei gamle trea

Selje prestegard har til alle tider hatt store, gamle tre som har hatt mykje å seie både for prestefamiliane og andre som har budd i eller vitja prestegarden. Det var truleg relativt uvanleg med storvaksne lauvtre i det karrige og snaue landskapet som var elles i området, der vêrhardt klima og omfangsrikt jordbruk har resultert i eit landskap med mange fellestrekk med vesterhavsøyane (Helle 1992). Kontrasten var stor mellom open dyrkingsjord, uendelege lynchear og torvmyrer og den frodige prestegardshagen (figur 38). Difor var nok Gamlehagen og trea kring bygningane i prestegarden eit stasanlegg å sjå til på ein stad der dei elles måtte verne om kvar ei busk eller tre for å ha til byggemateriale og brensel. Utover på 1900-talet vart det planta mykje skog i kystbygdene på Vestlandet, og i Selje er det ikkje lenger like uvanleg med store lauv- og bartre. I dag er attgroing og endring av landskapskarakteren ei aktuell problemstilling, også grunna nedlegging av gardsdrift og lite aktiv bruk av det gamle kulturlandskapet. Men framleis er det få tre i nærleiken som har nådd dei same dimensjonane og den same alderen som trea i prestegarden, og få andre tre skapar same kjensla av tilhøyring og undring over det uforanderlege.



Figur 38 Postkort frå 1908 eller 1909 som syner Prestegarden og "Nabben", med Seljeøya i bakgrunnen. Midt i biletet ser ein den frodige Gamlehagen i eit elles ganske så snautt landskap. Biletet er henta frå Selje.info (2011b).

Eit godt døme kjenslene dei gamle trea har skapt, finn vi i diktet *Til et Asketræ paa Selløe Præstegaard* som Claus Frimann skreiv om det kjempestore asketreet som stod i prestegarden tidlegare, jf. side 2 i oppgåva. Diktet vart gjeve ut i samlinga *Poetiske Arbeider* frå 1788, og skildra ei eldgamal ask som hadde overlevd fire av fedrane hans i tillegg til den glade oppveksten Frimann sjølv hadde i prestegarden i Selje. Claus Frimann vart ein kjend diktar med bakgrunn som kommandør av Dannebrogordenen i København (NRK Fylkesleksikon 2011). Han var også ein folkekjær prest i Davik i Nordfjord i 40 år, og gav ut åtte bøker, mellom anna *Almuens Sanger* (1790), andaktsbøker for "almuen" og ei spesiell andaktsbok for fiskarar.

Berge (1996: 107-109) skreiv at asketreet som Frimann skildra stod litt opp i bakken sør for gamlehuset der Frimann vart fødd, omtrent der stabburet står no. Treet hadde "Tolv favnetykke tunge Arme op", noko som tyder på det også var nytta som eit styvingstre. I 1914 vart treet rive over ende i ein storm. Den dåverande soknepresten Reiel Nybø, som sjølv var frå Davik, fylgte diktaren sitt ynskje om at treet skulle vere "fredet til det hen i Aske smulner". Det var nok respekten og pietetskjensla for Frimann sitt dikt som gjorde dette, og det andre verset kan lyde som ei formaning til dei som seinare skulle råde grunnen i prestegarden:

*Staae fredet til du hen i Aske smulner!  
Som du er vant, skue nok et hundred Aar,  
Hvor Engen af Smørblomsten lysnet gulner,  
Den Eng, som ned til dine Rødder naer!  
  
Men gid den bære Torn og Nælder,  
Fra første Dag, fra første Stund,  
Han dig uvenlig fælder,  
Som raader for din Grund.*

Tollef Hove, som vaks opp i prestegarden, fortalte Berge at treet fekk ligge å morkne opp utan at noko vart nytta verken til emne eller ved. På 1930-talet, i Berge sine barneår, stod fem-seks meter av stuven att, og det innhole skalet vart brukt som leikestove der det var plass til ein åtte-ti ungar. Støylen (1955: 34) skreiv at den veldige rota kunne ein endå sjå dei morkne restane av på 1950-talet. Av det siste verset i diktet, kan ein førestille seg kor gammalt asketreet vart:

*Endnu engang, mit kjære Træ, staae rolig!  
Ei hvæsset Staal, ei Lynild fælde dig!  
Beskyg i Fred min dyre Moders Bolig!*

*Dig selv hun nu i Alder bliver liig.*

*Dig spared' fire mine Fædre, -*

*En Haandfuld af dit mørke Løv*

*Til Gjengjeld burde hædre*

*Paa Graven deres Støv.*

Asketreet var tilsynelatande eldre enn den gamle Herresalen i prestegarden. Frimann var fødd i 1746, og dersom vi fylgjer prestehistoria nokre ledd tilbake, finn vi desse fire "Fædre", jf. vedlegg nr. 1. Far til Claus, Peder Harboe Frimann, levde fra 1713 til 1759, og fekk såleis eit relativt kort liv. Då arvtakaren hans, Peter Petersson Angell (1702 – 1781), fungerte som ein slags stefar for P. H. Frimann sine barn, og gav dei skulegang, kan ein anta at han også var ein av dei nemnte fedrane. Går ein lenger tilbake, finn ein at bestefar til Claus, Claus Johansson Frimann (1666 – 1715) også var sokneprest i Selje. Den fjerde var nok far til bestemor Anna Harboe Frimann; Peder Nilsson Harboe, som levde fra 1635 til 1703. Difor er det truleg at den ruvstore aska vart om lag 300 år gammal, før vinden fekk overtaket på den enorme trekrona.

Nybø (1968: 231) skildra også den tilknytinga ein fekk til prestegarden og dei store trea når ein hadde vakse opp der, og saknet som følgde når ein flytta derifrå (figur 39). I dette tilfellet var det prestesonen August Koren som måtte ta ein siste farvel med dei århundregamle asketrea. Tilfeldig kan det vel ikkje vere at far hans, prost Wilhelm Frimann Koren, hadde gjort akkurat det same den dagen han skulle reise frå bygda for godt (Os 1957: 407): "*Han sa frå seg i 1874, men styrde embetet like til utpå våren 1875. [...] Den dagen han skulle fara frå bygda for godt, gjekk han kringom på tunet og klappa dei gamle trea der til avskil.*"

*"En sønn av den tidligere nevnte prost Koren – overlege August Koren, født og oppvokset på Selje prestegård – besøkte flere ganger prestegården i mine foreldres tid. Siste gang var den gamle overlege over 90 år. Han regnet da med at han ikke mer ville ha krefter til den lange reise fra Oslo til Selje. Dagen før han skulle ta på hjemvei, så vi den gamle herre møysommelig stavre seg rundt tunet, favne de århundregamle asketrær, legge hendene på noen store stenblokker, klappe litt på de gamle bygningene. En siste avskjed med stedet han var så sterkt bundet til.*

*Vi syntes nok den gangen at det virket noe rart og eiendommelig. I dag forstår jeg den gamle."*

Figur 39 Nybø (1968: 231) si skildring av August Koren sitt saksn til staden der han vaks opp.

Også i dag står det mange store gamle tre i prestegarden, både alm (*Ulmus glabra*), ask (*Fraxinus excelsior*), platanlønn (*Acer pseudoplatanus*) og svartfuru (*Pinus nigra*). Det eldste er truleg ei alm står vest for prestelåna mot Seljevågen (figur 40). Trea i Gamlehagen/sentrumparken, kan vere endå eldre enn dei rundt prestegardstunet.



Figur 40 Gamlealma vest for prestelåna. Ei gammal platanlønn til venstre.

## 4.0 Notid – situasjonsskildring


Prestegardshagen er i 2011 prega av enkelt utført vedlikehald, og mykje av arealet består av berre plen. Heile prestegarden er på om lag 7 daa, og av dette er nok kanskje berre opp i mot 4 daa som kan klassifiserast som typisk hageareal. Hagen omfattar dei bygningsnære areala og vert avgrensa av fortau og veg mot vest og nord, ei skråning med krattvegetasjon mot sør, og to store bjørketre mot aust, i tillegg til den vesle borgstova i det sør-austre hjørnet. Det største arealet ligg aust for prestelåna (hovudbygningen), og er eit tydeleg rom omkransa av dei freda bygningane og majestetiske tre. Midt i rommet går ein gruslagd veg fram til den tre meter breie hellegangen ved austveggen til prestelåna (figur 41). Arealet sør for prestelåna er nytta som den private delen av hagen, med treplatting og levegg inntil huset. Plenarealet mot vest vert omkransa av tre, hekk og busker. I nord-vestre hjørnet ligg ein liten haug med nokre få tre og trestammar rundt. Mellom dei to sistnemnte går ein hellegang som fører ned mot ein smijernsport til fortauet langs vegen vest for prestegarden. Blomerabattar (bed) ligg sentrert rundt prestelåna.



Figur 41 Hellegangen langs austveggen til prestelåna, som rundar hjørnet ved Skulen, og held fram mot porten i vest. Biletet er henta frå Selje Kloster (2011).


## 4.1 Situasjonsplanar

I neste kapittel vert plasseringa til mange av artane skildra ved å vise til bygningane i prestegarden. Namn på og plassering av bygningane kan ein finne att i *Situasjonsplan – bygningar* (figur 42).



Figur 42 Situasjonsplan – bygningar.

*Situasjonsplan - hagen* er teikna i målstokk 1: 250 (her forminska til omrent 1:500), og er basert på enkel oppmåling ved hjelp av måleband (figur 43). Kartgrunnlaget er Topografisk Norgeskart med ekvidistanse 1 m, og gjev difor ikkje eit fullstendig inntrykk av terrenget, sjølv om det teikna arealet er nokolunde flatt. Trea er målt inn med posisjon for stamme og utstrekning av krone, og er merka med bokstavar for å kjennast att i plantelistene i neste kapittel. Busker og frittståande stauder er teikna inn med omtrentleg omfang, og er merka på same måten som trea. Beda er også namngjevne for attkjenning i plantelistene.



Figur 43 Situasjonsplan – hagen i målestokk 1:500. Nummerering og merking må sjåast i samanheng med planteregistreringar i neste kapittel.

## **4.2 Planteregistreringar, tilstand og merknader**

Plantelistene (tabell 4 til 13) er basert på:

- eigne registreringar i det noverande hageanlegget sommar/haust 2010 (22. juni, 14. juli, 23. juli, 7. aug. og 9. okt. og supplerande registreringar gjennom haust 2010 og vår 2011)
- personleg kommunikasjon med sokneprestar som tidlegare har budd i Selje prestegard (frå 1976 til og med 2006). Her er brukt følgjande initialar i plantelistene:
  - E.N. = Nerheim (2010 og 2011, pers. medd.).
  - I.V. = Vik (2010, pers. medd.).
- personleg kommunikasjon med førsteamanuensis Per Harald Salvesen ved Arboretet på Milde ved stadfesting av kva roser som kan vere gamle, og ved registrering av tulipanar (Salvesen 2011, pers. medd.). Vurdering av roser ut i frå biletet og skildring. Vurdering av tulipanar ved eige besøk i hagen i mai 2011. Initialar i plantelistene: P.H.S.

### *Tre*

Trea har ei dominerande rolle i prestegardshagen. Det er flest almetre (*Ulmus glabra*) (I), og alle desse er nok svært gamle og viktig å bevare (tabell 4). Alma vest for prestelåna ned mot vegen og hamna er truleg det eldste, og er eit styringstre som kan vere eldre enn 160 år, jamfør kapittel 3.2.3. Dette treet er i ei uheldig tilstand, då det er rotna vekk eit stort hol ved røtene (figur 44). I treet heng det også ei slengdisse, og det er ofte ungar som leikar her. Som eit resultat av dette og nærlieiken til fortauet og vegen, vert det kasta ein del søppel og kvist inn i holet som bidreg til desto meir røte. Asketrea (*Fraxinus excelsior*) (D) i prestegarden har også ei viktig kulturell historie, jamfør kapittel 3.2.3, og det er viktig å bevare dei som står att. To av askene er særskilt store, og alle tre står i krattet sør for borgstova og vedskjulet.

Det er tre store bjørketre (hengebjørk *Betula pendula*) (C) i hagen, og eitt av dei har såkalla "Bjørkeheksekost" - soppsjukdomen *Taphrina betulina*. Bjørketrea er nok ikkje av dei eldste, men gjev hagen ei innramming og skapar eit majestetisk rom aust for prestelåna (figur 45). Sørvest for prestelåna står ei rekkje platanlønn (*Acer pseudoplatanus*) (A), truleg planta som leskjerm. Desse er gamle, og der har før vore fleire. Det står også ei lita platanlønn nord-vestre hjørnet, og i krattet spreier den seg kraftig. I nord-vestre hjørnet av prestegardshagen, like vest for Skulen, står ei stor gammal svartfuru (*Pinus nigra*) (E) (figur 46). Treet hallar så vidt innover for hagen, men det er elles ingen fare for vindfall i nærmeste framtid. Treet var tidlegare del av ei gruppe med fleire slike furuer, og kan til dømes ha vore planta seint på 1800-talet av presten Landmark. Like ved står stubben av ei

endå større furu, truleg planta på same tid, og som for ein 10- 15 år sidan knakk av i ein storm og skada det nord-vestre hjørnet på prestelåna. Alderen på dette treet skulle vere mogleg å fastsetje ved teljing av årringar.

Mellom vedskjulet og Borgstova står ein svarthyll (*Sambucus nigra*) (F). Dette er eit livskraftig tre som skyter opp rottekot rundt om, også opp etter husveggen til vedskjulet. Oppskota vert fjerna kvart år, og er viktig å halde nede for at bordkledinga ikkje skal få roteskader. I krattet sør for hagen er det kasta mykje hageavfall, og dette har truleg ført til at svarthyllen har spreidd seg også hit. Mellom Skulen og eldhuset, under den store alma som står der, står ei liten, kraftig nedskoren svensk asal (*Sorbus intermedia*) (H). Denne var truleg planta som skjerming mot vegen etter oppmoding frå fylkesgartnaren kring 1970. I perioden mellom 1996 og 2006 vart det også planta ein hestekastanje (*Aesculus sp.*) (B) i plenen aust for prestelåna. Den er framleis svært liten av vekst og har noko brunflekkete blad. Då slekta *Aesculus* sp. er generelt saltømfintlege og ikkje likar sandhaldig jord, tyder dette på dårleg veksestad, og i tillegg vert mykje næring og sollys truleg stolede av dei store bjørketrea rundt.



Figur 44 Gamle alma med innhol stamme (nedst ved røtene).

Tabell 4 Enkeltståande tre i hagen og i skråningen sør for tunet

	Latinsk namn	Norsk namn	Alder
A	<i>Acer pseudoplatanus</i>	Platanlønn	Truleg gamle
B	<i>Aesculus</i> sp.	Hestekastanje	Mellom 1996 og 2006
C	<i>Betula pendula</i>	Hengebjørk	Kring 1950?
D	<i>Fraxinus excelsior</i>	Ask	Gamle
E	<i>Pinus nigra</i> (ssp. <i>Nigra</i> ?)	Svartfuru	Gamalt, kanskje tidleg 1900
F	<i>Prunus (spinosa)?</i>	Plomme	Kring 1980 [E.N.]
G	<i>Sambucus nigra</i>	Svarthyll	Før 1960.
H	<i>Sorbus intermedia</i>	Svensk asal	Truleg kring 1970.
I	<i>Ulmus glabra</i>	Alm	Gamle, det eldste kanskje +-250 år.



Figur 45 Dominerande tre kring prestegardstunet. Til venstre og i midten: hengebjørk (*Betula pendula*) (tre stykk, det lågaste har truleg soppsjukdomen *Taphrina betulina*). Framme til høgre ser ein ei alm (*Ulmus glabra*).



Figur 46 Trea nord i tunet. Frå venstre: eit litra platanlønn (*Acer pseudoplatanus*), ei stor gammal svart furu (*Pinus nigra*) (bak Skulen), ein kraftig tilbakeskjert svensk asal (*Sorbus intermedia*) (så vidt synleg) og to store gamle almetre (*Ulmus glabra*).

## Busker og hekk

Rips (*Ribes rubrum*) (8) og solbær (*Ribes nigrum*) (9) har truleg vore nokre av dei sentrale buskene i prestegardshagen frå gamalt av (tabell 5). Dei som står der no, er derimot vanskeleg å fastslå alderen på. Bærbuskene er prega av därleg stell, og nokre ligg bortimot vassrett mot graset grunna manglande beskjering (figur 48).

Mot vegen og fortauet vest for prestelåna står ein hekk av alperips (*Ribes alpinum*) (7). Denne er no i ei därleg forfatning med ulike høgder og store gap, slik at den ikkje lenger dannar ein tett hekk mot fortauet og vegen utafor. Dette vert forsterka av "ukyndig" klipping kvart år, og ungar som spring inn i hagen for å leike. Der var før eit gjerde som beskytta hekken og hagen, men dette vart teke vekk for nokre få år sidan.

Kystkvitrose (*Rosa alba 'Maxima'*) (12) er den einaste av prestegardsrosen i hagen, og kan vere den einaste gamle rosesorten som står att (figur 47 og 49). Blomstringa er rik, og dei fylte blomane har ei sterkt, god duft. Rosa står tre stader, der alle tre er spinkle og i därleg forfatning. Ved eldhuset veks den innafor bordkledinga, og har berre éi grein som strekk seg to meter opp før den når gjennom veggen (figur 50). Ved sør-vestre hjørnet av stabburet veks den inne i ei snøbærbusk (13), og er lite synleg. På den tredje veksestaden har den før utfalda seg stort, jf. figur 49 men er no därleg stelt og nesten borte.

Ved sørveggen til Skulen står ein vinterliguster (*Ligustrum ovalifolium*) (5) og ei ikkje artsbestemt buske/tre (17).

Desse syner på fotografi frå 1935 og 1938, og av dette kan det tenkast at dei vart planta seint på 1920-talet av presten Reiel Nybø (vedlegg 12). Dei er i så fall av dei eldste buskene som står aust for prestelåna.

I plenen ved nord-vestre enden av prestelåna står det to rododendron (*Rhododendron* sp.) (6), som vart planta mellom 1991 og 1995. Buskene er små av vekst og har brune flekkar på blada, truleg grunna därleg veksestad med kalkhaldig jordsmonn.



Figur 47 Kystkvitrose (*Rosa x alba 'Maxima'*).

Tabell 5 Busker og hekk

	Latinsk namn	Norsk namn	Blomar	Alder
1	<i>Berberis thunbergii</i> 'Atropurpurea'	Blodberberis	Gule	Kring 1980 [E.N.]
2	<i>Buxus sempervirens</i>	Vanleg buksbom		Kring 1980 [E.N.]
3	<i>Chamaecyparis pisifera?</i>	Ertesypress?		
4	<i>Chamaecyparis</i> sp.	Ertesypress?		Kring 1980 [E.N.]?
5	<i>Ligustrum ovalifolium</i>	Vinterliguster	Kvite	1920- åra eller før.
6	<i>Rhododendron</i> sp.	Rododendron	Lys lilla	Mellom 1991 og 1995 [I.V.]
7	<i>Ribes alpinum</i>	Alperips		Før 1976 [E.N.]
8	<i>Ribes nigrum</i>	Solbær		Ved borgstova før 1976, ved eldhuset etter 1991 [E.N.]
9	<i>Ribes rubrum</i>	Rips		
10	<i>Ribes uva-crispa</i>	Stikkelsbær		
11	<i>Rosa rugosa</i>	Rynkerose	Mørk cerise	Etter 1991 [E.N.]
12	<i>Rosa alba</i> 'Maxima' [P.H.S.]	Kystkvitrose, fylt	Kvite	Truleg gammal [E.N.]
13	<i>Symporicarpus albus</i>	Snøbær	Rosa	Før 1976 [E.N.]
14	<i>Syringa reflexa</i>	Nikkesyrin	Rosa	
15	<i>Syringa vulgaris</i>	Vanleg syrin	Lys lilla	Kring 1980 [E.N.]
16	<i>Weigela</i> sp.	Klokkebusk	Rosa	Kring 1980
17	Ikkje artsbestemt	Busk/ tre		



Figur 48 Rips (*Ribes rubrum*) og solbær (*Ribes nigrum*) framfor Borgstova. Mellom Borgstova og vedskjulet står ei stor svarthyll. Bak bygningane ser ein krattet, med store asker og mange mindre tre.



Figur 49 Den eine kvitrosa er no spinkel og lita av vekst.



Figur 50 Ei kvitrose veks ut mellom bordkledinga på eldhuset.

## Frittståande stauder

Rundt om i prestegarden står enkelte frittstående stauder, hovudsakleg spreidd i plenen eller i gruppe inn til veggar (tabell 6). Av desse ser fagerfredlaus (*Lysmachia punctata*) (L) og honningknoppurt (*Centaurea montana*) (H) ser ut til å spreie seg noko (figur 51). Fagerfredlaus står tre stader i hagen; ved vestveggen til Skulen, nordveggen til vedskjule og i bed 6 ved vestveggen til Prestelåna.

Påskeliljer (*Narcissus pseudonarcissus*), tusenfryd (*Bellis perennis*) og snøklokker (*Galanthus nivalis*) står spreidde i plenen. Særskilt snøklokker fins mykje av over alt, og tusenfryd veks i store mengder på plenen aust for Prestelåna. Nokre eksemplar av storkonvall (*Polygonatum multiflorum*) står ei klynge i utkanten av hagen, mot den gamle hagemuren mot sør (figur 52). Desse kan vere attståande frå tidleg 1900-tal, då denne delen av hagen og krattet mot sør truleg var brukt som pryd og nyttehage.



Figur 51 Honningknoppurt (*Centaurea montana*), framfor eine døra til Skulen.



Figur 52 Storkonvall (*Polygonatum multiflorum*), ved krattet i utkanten av hagen.

**Tabell 6 Frittståande stauder**

	Latinsk namn	Norsk namn	Blomar	Alder
	<i>Narcissus pseudonarcissus</i>	Påskeliljer	Gule	Gamle
	<i>Bellis perennis</i>	Tusenfryd	Kvit/rosa	Gamle
H	<i>Centaurea montana</i>	Honningknoppurt	Blå	
	<i>Crocus vernus</i>	Vårkrokus	Lilla	
	<i>Galanthus nivalis</i>	Snøklokke	Kvite	Gamle
L	<i>Lysmachia punctata</i>	Fagerfredlaus	Gule	Truleg gamle
	<i>Polygonatum multiflorum</i>	Storkonvall		Attståande
	<i>Primula vulgaris</i>	Kusymre	Lys gule	
T	<i>Telekia speciosa</i>	Prakttelekia	Gule	

## Beda

Det er 6 ulike blomsterbed i hagen, som alle er merka med nummer (Bed 1, 2, 3 osv) på *Situasjonsplan – hagen*.

*Bed 1* ligg aust for prestelåna, mellom hellegangen og plenen, og inneheld eit mangfold av nyare og gamle urter (figur 53 og tabell 7). Mellom anna står der ei relativt ny hageplante; ei vortemelk med raudt bladverk (*Euphorbia dulcis* 'Chameleon'). Denne er liten og slengete i vekst, noko som kan tyde på dårlig veksestad eller liten plass. I bedet står mellom anna gode gamle plantar som haustfloks (*Phlox x hortorum*), arendsspir (*Astilbe arendsii*), duppesoleie (*Ranunculus aconitifolius* fl. pl.), klokkeblåstjerne (*Hyacinthoides non-scripta*), tulipan (*Tulipa* sp.) og storhjelm (*Aconitum napellus*) (figur 54- 56).



Figur 53 Bed 1 sett mot sør. Vedskjulet og stabburet bak.

Tabell 7 Bed 1

	Latinsk namn	Norsk namn	Blomar	Alder
	<i>Narcissus pseudonarcissus</i>	Påskeliljer	Gule	Gamle, har vore større mengder [E.N.]
	<i>Narcissus poeticus</i>	Pinseliljer	Gule	
	<i>Aconitum napellus</i>	Storhjelm	Mørk blå	Truleg gamle
	<i>Aquilegia vulgaris</i>	Akelei	Blå	Truleg gamle. Før 1976 [E.N.]
	<i>Astilbe arendsii</i>	Arendsspir	Kvite	Kanskje gamle
	<i>Euphorbia dulcis 'Chameleon'</i>	Vortemelk med raudt bladverk	Usjåleg	Relativt ny
	<i>Hyacinthoides non-scripta</i>	Klokkeblåstjerne (engelsk)	Blå	Truleg gamle
	<i>Paeonia officinalis</i>	Klosterpion, fylt	Rosa	
	<i>Phlox x hortorum</i>	Haustfloks	Rosa	Truleg gamle. Før 1976 [E.N.]
	<i>Primula denticulata</i>	Kuleprimula	Lilla	
	<i>Ranunculus aconitifolius fl.pl.</i>	Duppesoleie	Kvite	Kanskje gamle
	<i>Rosa 'Esmeralda', Kordes 1980? [P.H.S.]</i>	Stilkrose/bedrose	Ceriserosa	Moderne. Rundt 1980 [E.N.]?
	<i>Rosa rugosa</i>	Buskrose	Lys rosa	Moderne. Rundt 1980 (E.N.)?
	<i>Rosa</i> sp.	Rose	Raud	Moderne. Rundt 1980 [E.N.], eller 1991-1995 [I.V.]
	<i>Trollius x cultorum</i>	Hageballblom	Gule	Truleg gamle
	<i>Tulipa</i> sp.	Tulipan, enkel	Mørk rosa, med blå basalflekk	Truleg gamle [P.H.S]
	<i>Tulipa</i> sp.	Tulipan, enkel	Gule	Moderne [P.H.S]



Figur 54 Storhjelm (*Aconitum napellus*), hageballblom (*Trollius x cultorum*) og duppesoleie (*Ranunculus aconitifolius* fl.pl.) i skjønn foreining.



Figur 55 Engelsk klokkeblåstjerne (*Hyacinthoides non-scripta*).




Figur 56 Rosa haustfloks (*Phlox x hortorum*).

Bed 2 ligg inntil austveggen på prestelåna, sør for hovudinngangen, og har også ein rikhaldig fargeskala (tabell 8). Mellom anna sibirvalmue (*Papaver nudicaule*), engelsk klokkeblåstjerne (*Hyacinthoides non-scripta*) og arendsspir (*Astilbe arendsii*) bidreg til dette (figur 57). Ved trappa framfor hovudinngangen står ei bjønnrot (*Meum antamanthicum*) og ei steinnyperose (*Rosa canina*) (figur 58). Sistnemte er truleg ein grunnstamme ("villskot") som står att etter at ei okulert edelrose er gått ut (Salvesen 2011, pers. medd.). Dette kan stemme med opplysning frå presten Nerheim (2010, pers. medd.) om at det i 1976 "var stort gammalt rosetre ved hovudtrapp". Nerheim planta fleire rosetre i dette bedet rundt 1980.

**Tabell 8 Bed 2**

Latinsk namn		Norsk namn	Blomar	Alder
	<i>Aquilegia vulgaris</i>	Akeleie	Blå	Gamle
	<i>Astilbe arendsii</i> el. <i>Astilbe japonica</i>	Arendsspir eller japanspir	Rauder	
	<i>Colchicum autumnale</i>	Tidløs		
	<i>Crocus vernus</i>	Vårkrokus		
	<i>Hyacinthoides non-scripta</i>	Klokkeblåstjerne (engelsk)	Blå, kvite og lys rosa	
	<i>Meum athamanticum</i>	Bjønnrot		
	<i>Narcissus poeticus</i>	Pinseliljer		Gamle
	<i>Narcissus pseudonarcissus</i>	Påskeliljer		Gamle
	<i>Papaver nudicaule</i>	Sibirvalmue	Oransje	
	<i>Rosa canina</i>	Steinnype (klunger)	Lys rosa, små, enkle	
	<i>Rosa</i> sp.	Lita stilkrese		Rundt 1980 [E.N.]?
	<i>Rosa</i> sp.	Stilkrose, kan vere eldre remontantrose.	Rosa	Moderne eller eldre [P.H.S]
	<i>Rosa</i> sp.	3 roser utan blomar		Rundt 1980 [E.N.]?
	<i>Taxus x media</i>	Hybridbarlind		
	<i>Trollius x cultorum</i>	Hageballblom	Gule	Gamle
	<i>Ulmus glabra</i>	Alm		Sjølvstående



Figur 57 Sibirvalmue (*Papaver nudicaule*) og rosa klokkeblåstjerner (*Hyacinthoides non-scripta*) blømer i juni i vestre delen av bed 2.



Figur 58 Klunger (*Rosa canina*) og bjønnrot (*Meum anthamanticum*) i bed 2 ved trappa framfor hovudinngangen til prestelåna.


Bed 3 ligg også inntil austveggen på prestelåna, men nord for hovudinngangen (tabell 9). Bedet inneholdt for det meste roser (*Rosa* sp.), men også en moderne tulipan (*Tulipa* sp.) og ei bjønnrot (*Meum athamanticum*) finn vi her. Tette takrenner har ført til at mengder av vatn har ”grave vekk” det øvste jordlaget, så bedet er noko skrint. Akeleiene (*Aquilegia vulgaris*) trivst elles veldig godt i dette bedet (figur 59 og 60).

**Tabell 9 Bed 3**

Latinsk namn	Norsk namn	Blomar	Alder
<i>Aquilegia vulgaris</i>	Akeleie	Blå	
<i>Meum athamanticum</i>	Bjønnrot		
<i>Rosa</i> sp.	Buskrose ('Aloha', Boerner 1949 [P.H.S.]?)	Mellom-rosa	Moderne [P.H.S]
<i>Rosa</i> sp.	Buskrose ('Queen Elizabeth', Lammerts 1954 [P.H.S.]?)	Lys rosa	Moderne [P.H.S]
<i>Rosa</i> sp.	Lita buskrose	Utan rosar	
<i>Tulipa</i> sp.	Tulipan	Klårraud, med gul basalflekk	Moderne [P.H.S]



Figur 59 I bed 3 står mykje akelei (Aquilegia vulgaris).




Figur 60 Bed 3 sett mot sør.

Bed 4 ligg inntil veggen på tilbygget sør for prestelåna (tabell 10) (figur 61). I bedet står mange gamle laukar og stauder, mellom anna vanleg tidløs (*Colchicum autumnale*), påskeliljer (*Narcissus pseudonarcissus*) og akeleiefrøstjerne (*Thalictrum aquilegifolium*) (figur 62). Der står også ei rosebusk (*Rosa* sp.), med enkle, klårraude blomar.

**Tabell 10 Bed 4**

Latinsk namn	Norsk namn	Blomar	Alder
<i>Aquilegia vulgaris</i>	Akeleie	Blå	
<i>Colchicum autumnale</i>	Tidløs	Lys lilla, fylt	
<i>Crocus vernus</i>	Vårkrokus?	Lilla	
<i>Hyacinthoides non-scripta</i>	Klokkeblåstjerne (engelsk)	Blå og kvit	Før 1976 [E.N.]
<i>Leucojum vernum</i>	Klosterklokke	Kvit m/ grøn kant	Før 1976 [E.N.]
<i>Narcissus poeticus</i>	Pinseliljer	Lys gule	Før 1976 [E.N.]
<i>Narcissus pseudonarcissus</i>	Små påskeliljer	Gule	
<i>Narcissus pseudonarcissus</i>	Påskeliljer	Gule	Før 1976 [E.N.]
<i>Rosa 'Robusta'</i> , Kordes 1979 (P.H.S.)?	Buskrose	Rauda, enkle	Moderne [P.H.S.]? Før 1976 [E.N.]?
<i>Thalictrum aquilegifolium</i>	Akeleiefrøstjerne	Lys lilla	
<i>Tulipa</i> sp.	Tulipanar, enkle	Mørk rosa, med blå basalflekk	Før 1976. Truleg gamal sort [P.H.S.]



Figur 61 Bed 4 ved tilbygget sør for prestelåna.



Figur 62 Akeleiefrøstjerne (*Thalictrum aquilegifolium*).

*Bed 5* ligg inntil sørveggen på prestelåna, innafor den private treplattingen (tabell 11). Bedet er truleg det som har vore gjort mest med i dei seinare åra, på grunn av nærleiken til den private sitteplassen. Her veks også ein ukjend klokkeliknande blome med linenerva blad og trekanta frøkapsel (\*), som liknar på klokkeblåstjerne (*Hyacinthoides non-scripta*) som står i mange av dei andre beda.

**Tabell 11 Bed 5**

Latinsk namn		Norsk namn	Blomar	Alder
	<i>Acer pseudoplatanus</i>	Platanønn		Sjølvsådd
*	<i>Hyacinthoides?</i>	Laukblome	Blå	
	<i>Hydrangea macrophylla</i>	Hortensia		Relativt ny
	<i>Othocallis siberica</i>	Russeblåstjerne	Blå	
	<i>Rosa</i> sp.	Stilk- eller buskrose, lita	For tida uten roser	Moderne [P.H.S]
	<i>Tulipa</i> sp.	Tulipanar, enkle	Gul m.fl.	Moderne [P.H.S]


*Bed 6* ligg langs heile vestveggen til prestelåna (tabell 12). Nerheim (2011, pers. medd.) meiner det ikkje var noko bed her i perioden 1976 til 1991. Det er difor vanskeleg å føreslå noko alder på plantane, då dei kan ha vorte flytta frå andre stader i hagen. Kva tid dette bedet vart laga til i perioden etter 1991, er også ukjent, då det ikkje har førekome opplysningar om dette frå seinare bebuarar. Bedet inneheld mellom anna fagerfredlaus (*Lysimachia punctata*) som er ein aggressiv hageplante som spreier seg og fortrenger andre plantar. Den bør haldast innafor eit avgrensa område. I dette bedet veks martagonlilje (*Lilium martagon*), brun daglilje (*Hemerocallis fulva*) og praktlilje (*Lilium speciosum*) (figur 63 og 64). Desse er utsett, og finst berre som eitt eller to eksemplar. Dette gjeld også for inkalilje (*Alstromeria ligtu*) og sibiriris (*Iris sibirica*), sjølv om desse ikkje vert "plaga" av fagerfredlaus. Andre plantar i bed 6 er mellom anna smågullkorg (*Doronicum orientale*) og ein gamaldags tulipan (*Tulipa* sp.) av gruppa seine, enkle (Salvesen 2011, pers. medd.) (figur 65og 66).



Figur 63 Ei einsleg martagonlilje (*Lilium martagon*) og aggressiv fagerfredlaus (*Lysimachia punctata*).

Tabell 12 Bed 6


	Latinsk namn	Norsk namn	Blomar	Alder
	<i>Alstromeria ligtu</i>	Inkalilje	Gule	
	<i>Bergenia cordifolia</i>	Hjertebergblomst	Raude	
	<i>Campanula trachelium</i>	Nesleklokke?	Kvite	Sjølvsådd?
	<i>Doronicum orientale (D. caucasicus)</i>	Smågullkorg	Gule	
	<i>Hemerocallis fulva</i>	Brun daglilje	Fersken	
	<i>Hosta x fortuneii</i>	Breihosta		
	<i>Iris sibirica</i>	Sibiriris	Blå	
	<i>Leucojum vernum</i>	Klosterklokke	Kvit m/ grøn kant	
	<i>Lilium martagon</i>	Martagonlilje	Rosa	
	<i>Lilium speciosum</i>	Praktlilje	Rosa/kvit	
	<i>Lysimachia punctata</i>	Fagerfredlaus	Gule	
	<i>Malva moschata</i>	Moskuskattost	Lys lilla	
	<i>Narcissus poeticus</i>	Pinseliljer	Lys gul	
	<i>Narcissus pseudonarcissus</i>	Påskeliljer	Gule	
	<i>Papaver nudicaule</i>	Sibirvalmue	Oransje	
	<i>Phlox x hortorum</i>	Haustflops	Rosa	
	<i>Rosa</i> sp. Kan minne om 'Nina Weibull' [P.H.S.].	Bedrose (1,5 m)	Mørkerosa/-raud, fylte.	Moderne [P.H.S]
	<i>Rosa</i> sp. Minnar om 'Sympathie' [P.H.S.].	Klatrerose (4 m)	Raude, fylte	Moderne
	<i>Tulipa</i> sp.	Tulipan, enkel - sein	Raud/ mørk raud	Truleg gamal



Figur 64 Praktlilje (*Lilium speciosum*).



Figur 65 Smågullkorg (*Doronicum orientale*) og sibirvalmue (*Papaver nudicaule*) i bed 6, med ein del ugras inn i mellom.



Figur 66 Gamaldags raud tulipan (*Tulipa* sp.) i bed 6, av gruppa enkle, seine (Salvesen 2011, pers. medd.).

## *Plenen*

Element: Flaggstong, huskestativ, sandkasse, to portstolpar av stein (ligg ved eldhuset).

Plenen utgjer som før nemnt, mykje av hagearealet. Den er stort sett frodig og godt vedlikehalde med regelmessig klipping. Artssamansetjinga er dominert av nøysame grasartar, truleg kveke (*Elytrigia repens*), engrapp (*Poa pratensis*) og/eller markrapp (*Poa trivialis*). Andre vanlege artar i plenen er engkarse (*Cardamine pratensis*), hundekjeks (*Anthriscus sylvetris*), engsoleie (*Ranunculus acris* ssp. *acris*), gjerdevikke (*Vicia sepium*), høymole (*Rumex longifolius*), løvetann (*Taraxacum officinale*), skvallerkål (*Aegopodium podagraria*), haukeskjegg (*Crepis sp.*), og nokre stader ein god del mose. I tillegg veks store mengder tusenfryd og snøklokker, og det finst også nokre felt med påskeliljer og vårkrokus.

Ivar Vik (2010, pers. medd.), som var sokneprest i Selje frå 1991 til 1995, påpeikar i eit brev at ”*på plenen mellom den ene langveggen på prestegården og Nabben var det et ”hav” med snøklokker hver vår.*” Vest for prestelåna fins det framleis eit ”blomsterhav” tidleg om våren, men ein del av plenen kan no også karakteriserast som ”eit stort stykke mold” (figur 67). Årsaka til dette er nok den korte avstanden og lette tilgangen frå fortuet, noko som resulterer i flittig bruk av slengdissa som heng i det gamle almetreet. Dette er uheldig både for plenen og for privatlivet til bebuarar, då denne delen av hagen burde vere avskjerma frå sentrum. Bruken av slengdissa kan også vere farleg, då greinene til dette treet er gamle og tunge.



Figur 67 Gamlealma vest for prestelåna med slengdissa som gjer at plenen er vanskeleg å halde ved like. Det jordopne området kan tydeleg sjåast under slengdissa.

## Krattet

Element: Steintrapp, mur, terrassar, forbrenningsomn, nedfelt trestamme, steinblokk.

Krattet har ein gong vore mykje meir ope, og vestre halva har truleg vore brukt som ein del av hagen, då terrenget er *terrassert* og bunde saman med hagen ved ei delvis attgrodd *natursteintrapp* (figur 68). Desse er svært viktige element frå den gamle prestegardshagen. Sjølve skråninga grensar mot den noverande prestegardshagen og bygningane, og er understøtta av ein mur som truleg også er svært gammal. På muren står eit nettinggjerde, og både muren og gjerdet er i ferd med å gro att. Terrassehagen kan ha inneheldt både nytte- og prydvekstar, og nokre av artane her kan sjå ut til å vere attståande hageplantar (tabell 13). Heilt vest i krattet veks store mengder ramslauk, ein viltveksande plante i distriktet. Kanskje var denne likevel flytta til prestegardshagen for å nyttast til smakstilsetjing i mat?

Tabell 13 Hageplantar i krattet (attståande eller forvilla)

	Latinsk namn	Norsk namn	Blomar
	<i>Allium ursinum</i>	Ramslauk	Kvite
	<i>Fallopia japonica</i>	Parkslirekne	
	<i>Rosa rugosa</i>	Rynkerose	Lys rosa
	<i>Sambucus nigra</i>	Svarthyll	Kvite
	<i>Saxifraga umbrosa</i>	Skuggesildre	Kvite/rosa

Krattet inneheld parkslirekne (*Fallopia japonica*) og rynkerose (*Rosa rugosa*), som i tillegg til platanlønn (*Acer pseudoplatanus*) er invaderande spreingsartar som har statusen *høg risiko* i Norsk svarteliste (Artsdatabanken 2007). Også svarthyll (*Sambucus nigra*) står på svartelista, men har statusen *ukjent risiko*. I dette tilfellet har den truleg spreidd seg i krattet frå ei morplante i sjølve prestegardshagen, men deponering av hageavfall kan også vere årsaken.

I 2011 har krattet eit attgrodd preg, der mellom anna platanlønn, stornesle (*Urtica dioica* ssp. *dioica* var. *dioica*) og skogburkne (*Anthyrium filix-femina*) har synleg dominans. Mykje hageavfall har vorte deponert i austre del av krattet i mange år, noko som har ført til stor auke i nitrogentilførsle. Difor er mellom anna stornesle dominerande i denne delen av krattet, i tillegg til at hageavfallet har forma terrenget.

Av andre viltveksande artar i krattet fins mellom anna (omtrentleg dominans i minkande rekkefølgje): Vårkål (*Ranunculus ficaria* ssp. *ficaria*), høy mole (*Rumex longifolius*), alm (*Ulmus glabra*), skvallerkål (*Aegopodium podagraria*), ask (*Fraxinus excelsior*), selje (*Salix caprea*), rogn (*Sorbus aucuparia*), løvetann (*Taraxacum officinale*), kvitveis (*Anemone nemorosa*), engkarse (*Cardamine pratensis*), hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*), villbringebær (*Rubus idaeus*), kysttornemose (?) (*Mnium hornum*), hundegras (*Dactylis glomerata* ssp. *glomerata*), sløke (*Angelica sylvestris*), vivendel (*Lonicera periclymenum*), hegg (*Prunus padus*), engsoleie (*Ranunculus acris* ssp. *acris*), stankstorkenebb (*Geranium robertianum*), marikåpe (*Alchemilla vulgaris*), raud jonsokblom (*Silene dioica*), gjerdevikke (*Vicia sepium*), tepperot (*Potentilla erecta*), sisselrot (*Polypodium vulgare*).

Av andre element finn ein bak (sør for) vedskjulet ein struktur av stein som er mura opp med sement (figur 69). Dette har kanskje har vore ein forbrenningsomn for hageavfall og anna organisk materiale. Over og på denne omnen er det i seinare år bygd ei leikehytte. Ein stor trestamme ligg i nærleiken av steintrappa, med omkrins om lag 0,5 m. I tillegg ligg det ei stor steinblokk lenger aust i krattet.



Figur 68 Steintrappa i vestre del av krattet ligg delvis attgrodd.



Figur 69 Forbrenningsomnen kan skimtast mellom platanlønn (*Acer pseudoplatanus*), hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*) og skuggesildre (*Saxifraga umbrosa*).

## 5.0 Framtid - drøfting


### 5.1 Kva står att av gamle plantar og element?

For å kunne fastslå kva som er gammalt og nytt i den noverande hagen, må ein først definere ordet *gamalt*. I denne oppgåva vil det seie plantar og element som var i prestegarden før 1950.

#### Gamle element

Av gamle element dannar det gamle bygningsmiljøet hovudstrukturen i anlegget. Men det fins også andre gamle element i hagen som framleis eksisterer, og er mogleg å setje i stand att. Desse elementa er:

- Portstolpane av stein (figur 70).
- Hellene (truleg mange overgronne)
- Steintrapp i krattet
- Lav mur mellom tun og kratt/skråning



Figur 70 Nærbilete av den gamle porten med steinstolpar og dobbelgrind (utsnitt av fotografi frå Os 1957:402). Steinstolpane ligg framleis i graset ved eldhuset. Mange av hellene er også mogleg å finne i graset kring tilkomstvegen i grus som går her no.

## Gamle plantar

Av gamle tre, busker, stauder, laukar og anuellar som står att er både dei sikre og usikre artane teke med (tabell 14, 15 og 16). Dei er difor delt inn i tre kategoriar:

- A – har *sikkert* vore der før 1950
- B – har *truleg* vore der før 1950
- C – har *kanskje* vore der før 1950

Mange av plantane som er ført opp som kategori C representerer gamle hageplantar, og passar såleis godt inn i eit historisk hageanlegg. Om akkurat desse eksemplara har stått der frå gamalt av, er derimot usikkert. Langeland (1992) har mykje informasjon om gamle stauder, og dei fleste artane i tabell 16 kan ein finne att i boka *"Oldemors stauder i våre hager"*.

Tabell 14 Gamle tre

Latinsk namn	Norsk namn	Kategori
<i>Fraxinus excelsior</i>	Ask	A
<i>Ulmus glabra</i>	Alm	A
<i>Pinus nigra (ssp. nigra?)</i>	Furu	A
<i>Acer pseudoplatanus</i>	Lønn	A
<i>Betula pendula</i>	Hengebjørk	B
<i>Sambucus nigra</i>	Svarthyll	B

Tabell 15 Gamle busker

Latinsk namn	Norsk namn	Kategori
<i>Ligustrum ovatum</i>	Vinter liguster	A
Ikkje artsbestemt	Busk/ tre (ved Skulen)	A
<i>Ribes nigrum</i>	Solbær	B
<i>Ribes rubrum</i>	Rips	B
<i>Rosa x alba 'Maxima'</i>	Kystkvitrose	B
<i>Ribes alpinum</i>	Alperips	C
<i>Rosa sp.</i>	Eldre remontantrose?	C
<i>Symporicarpus albus</i>	Snøbær	C

Tabell 16 Gamle stauder, laukar og anuellar

Latinsk namn	Norsk namn	Kategori
<i>Bellis perennis</i>	Tusenfryd	A
<i>Galanthus nivalis</i>	Snøklokke	A
<i>Narcissus poeticus</i>	Pinselilje	A
<i>Narcissus pseudonarcissus</i>	Påskelilje	A
<i>Aconitum napellus</i>	Storhjelm	B
<i>Aquilegia vulgaris</i>	Akelei	B
<i>Astilbe x arendsii</i>	Arendsspir	B
<i>Lysimachia punctata</i>	Fagerfredlaus	B
<i>Papaver nudicaule</i>	Sibirvalmue	B
<i>Phlox x hortorum</i>	Haustfloks	B
<i>Polygonatum multiflorum</i>	Storkonvall	B
<i>Ranunculus aconitifolius fl.pl.</i>	Duppesoleie	B
<i>Saxifraga umbrosa</i>	Skuggesildre	B
<i>Thalictrum aquilegiforme</i>	Akelefrostjerne	B
<i>Trollius x cultorum</i>	Hageballblom	B
<i>Tulipa</i> sp.	Tulipan	B
<i>Bergenia cordifolia</i>	Hjertebergblom	C
<i>Centaurea montana</i>	Honingknoppurt	C
<i>Colchicum autumnale</i>	Tidløs	C
<i>Crocus vernus</i>	Vårkrokus	C
<i>Doronicum orientale</i>	Smågullkorg	C
<i>Hemerocallis fulva</i>	Brun daglilje	C
<i>Hosta fortunei</i>	Breihosta	C
<i>Hyacinthoides non-scripta</i>	Klokkeblåstjerner	C
<i>Iris sibirica</i>	Sibiriris	C
<i>Leucojum vernum</i>	Klosterklokke	C
<i>Lilium martagon</i>	Martagonlilje	C
<i>Lilium speciosum</i>	Praktlilje	C
<i>Malva moschata</i>	Moskuskattost	C
<i>Meum anthamanticum</i>	Bjønnrot	C
<i>Primula denticulata</i>	Kuleprimula	C

## **5.2 Funksjon – privat eller offentleg?**

Prestegarden og prestegardshagen ligg sentralt til kommunesenteret i Selje. Mesteparten av hagen ligg i dag som eit ope gardsrom utan inngjerding mot vegen og fortauet, og fungerer ikkje som ein privat hage. Over vegen vest og nord for prestegarden ligg offentlege grøntområde, som torget ved hamna og sentrumsparken ved Seljesanden. Den vestre og søre delen av hagen, der ein hekk står som skilje mellom hagen og fortauet ved ein busstopp, ligg som eit skjerma uterom frå resten av sentrum.

Funksjonen og bruken av prestegardshagen har endra seg med bebuarane sine behov opp gjennom tida, det vil seie at det har vore meir eller mindre privat med midlertidige inngjerdingar og synleg bruk av hagen. Noverande sokneprest, Kari Leine Balog, har ikkje behov for mykje boltrepass, men treng eit skjerma område til rekreasjon. Området vest for prestelåna vert brukt som leikeplass av born i bygda, sjølvsgart med løyve frå soknepresten, då ho tykkjer det er verdifullt at borna har noko å drive med (Balog 2011, pers. medd.). Men elles er nok dette området det som er mest eigna som ein heilt privat hageflekk. Slik sett er funksjonsinndelinga i dag udefinert, og det er naudsynt å fastsetje ei avklaring av funksjon (og ansvar for vedlikehald). Ved seinare utskifting av bebuarar kan bruken av hagen endre seg, og så lenge buplikta eksisterer er ein nøydd til å ta omsyn til brukarane sine behov. Funksjonsinndelinga må difor vere fleksibel.

Den ideelle bruken av prestegardshagen bør ha ei fast deling av funksjonane – ein del berre til privat bruk, og ein del til både privat og offentleg bruk, som kan nyttast etter avtale mellom bebuarar og det offentlege. Området sør og vest for prestelåna eignar seg best til å vere private hagerom, jamfør figur 71, område B. Det vil seie at bebuarane skal kunne nytte dette området utan å få jamleg tilstrøyming av utedekke. Området i tunet aust for prestelåna inneheld ei stor plen med eit kulturhistorisk bygningsmiljø rundt, og fungerer no som inngangsparti til prestegarden, jamfør figur 71, område A. Anlegget har nasjonal interesse, og er verd å vise fram for tilreisande. Sidan store offentlege midlar nytta til bevaring av bygningsmiljøet, vil det vere riktig at også det offentlege får oppleve anlegget, til dømes kunne det vere ideelt for små offentlege arrangement med kulturhistorisk innhald, eller for omvisingar rundt bygningsmiljøet og hagen. Dette området må gjerne vere ein del av det halvprivate området som presten disponerer (etter behov), men bør ha ope tilgjenge på bestemte tidspunkt som er avtalt med soknepresten på førehand.

Det vil vere behov for inngjerding av hagen, som vern mot at uvedkommande forstyrar privatlivet til bebuarane og som ei klar avgrensing mot resten av sentrum. I første omgang kan dei gamle portstolpane i stein setjast opp att og fungere som ei avgrensing mellom hagen og arealet aust for tunet. Om den gamle dobbelgrinda i porten vert rekonstruert, vil dette også bidra til å gje hagen tilbake noko av sin opphavlege identitet. Historisk sett har hagen elles berre vore avgrensa ved eit enkelt nettinggjerde med trestaurar. Seinare (i 1969) vart det sett opp eit enkelt lågt gjerde med rauda langsgåande plankar. Med omsyn til estetisk utforming er begge desse gjerdetypane ikkje å føretrekke. Eit kvitt stakittgjerde av tre vil kanskje vere den beste estetiske løysinga rundt eit historisk kulturmiljø, trass i manglande historisk forankring. Ei avgrensing av hagen bør vere i samanheng med porten, slik at gardstunet vert skild frå det tilgrensande engarealet lenger aust, jamfør figur 71, område D. Når det gjeld dette området, bør det vere ein del av sentrumsparken og ha offentleg tilgjenge, slik at det kan nyttast fritt til dømes som akebakke for barnehageungar, og seinare som temahage/-park med samling av klosterurter. Avgrensing og materiale til dette er elles ei sak som må drøftast med eigar av prestegarden, Opplysningsvesenets Fond, og Riksantikvaren.

Vedlikehaldet av hageanlegget er også ei sak med uklår fordeling, og det er naudsynt med ei fastsetjing av ansvarsområde. Slik ordninga er no, er heile anlegget halde av kommunalt tilsette. For framtida bør nokre av dei private delane kunne haldast og nyttast fritt av bebuarar, til dømes den skjerma uteplassen med treplattning sør for prestelåna. På grunn av storleiken til hageanlegget og den sentrale lokaliseringa, bør likevel størsteparten haldast ved like av det offentlege, slik at heile anlegget vert ein estetisk kvalitet for sentrum. For framtida bør det setjast opp ein plan som sikrar riktig vedlikehald, mellom anna for å bevare dei plantane og elementa som er historisk verdifulle.

### **5.3 Styving (tilbakeskjering) av tre**

Dei store gamle trea er ein viktig del av kulturhistoria til prestegarden i Selje, og er viktig estetisk sett i samanheng med bygningsmiljøet. Ein må difor forsøke å bevare dei lengst mogleg, og vedlikehalde dei best mogleg. Mange av trea har vakse seg store, og utan jamleg beskjerings vil tunge trekroner føre til at trea etter kvart fell over ende i sterk vind, eller greiner knekk av og skadar freda bygningar. Dette har allereie skjedd éin gong: Midt på 1990-talet vart ei av furuene som stod nord-vestre hjørnet av prestegarden riven over ende i ein storm, og forårsaka store skadar på prestelåna. No er det berre éi gamal svartfuru att i prestegarden. Furu kan ikkje tilbakeskjerast, då dei ikkje har evne til å setje nye skot frå greiner eller stamme (Hansen 2006).

Tilbakeskjering av trea ved bruk av styving/lauving i samsvar ved vestnorsk tradisjon (kulturlandskapsskjøtsel), er truleg den beste løysinga for å sikre levedyktige tre i mange tiår framover. Treslaga som var mest brukt til styvingstre på Vestlandet er alm og ask, og toler som regel kraftig tilbakeskjering. Kutting av greiner og kvister vil stimulere sovande knoppar nedafor kuttstaden, slik at det neste vekstsesonen vil danne seg eit tett ris av småkvistar med kraftig bladvekst (Norderhaug et. al 1999: 37). Dei neste åra vil kvistsamlingane verte naturleg tynna ut gjennom uttørring og knekk, og nokre få av greinene vil utvikle seg vidare.

Dei fleste store trea i prestegarden er av artane alm (*Ulmus glabra*), hengebjørk (*Betula pendula*) og platanlønn (*Acer pseudoplatanus*) og i skråninga sør for tunet fins ask (*Fraxinus excelsior*). Desse er det mogleg å bevare, og samstundes vere trygge på at bygningsmiljøet ikkje vert skada i av vindfall i stormar. Den eldste alma i prestegarden, vest for prestelåna, syner merke som tyder på at ho tidlegare har vore styva. Det er også dette treet som er mest utsett for rotvelt/vindfall som kan føre til skader på hus, til liks med dei to andre almetrea i tunet mot vegen i nord. Desse trea er det mest presserande å få gjort noko med i prestegarden. Ein må overvake tilstanden til dei store trea i prestegardshagen, også furua. Dette må gjerast av spesialistar, til dømes trepleiarar, biologar og skogbrukskyndige. Trea er biologiske kulturminne, og fortener like stor merksemd som bygningsmiljøet. Også platanlønn og asketre i krattet kan med fordel tilbakeskjeras. Bjørketre må ein vere meir forsiktig med å tilbakeskjere, og dette bør helst gjerast over fleire år.

For å sikre at arbeidet vert gjort på riktig måte må tilbakeskjeringa utførast av personar med erfaring innafor styvingstradisjonen, eller ein faglært person (trepleiar). Til arbeidet må ein nytte moderne skjerereiskap, og ein faglært vil ha yrkesskadeforsikring som kan dekke eventuelle personskadar forårsaka av bruk av motorsag. Her må det difor offentlege midlar inn. Norderhaug et al. har gode retningslinjer for utføring av arbeidet, og det er viktig at det vert gjort til rett tid: *"Det beste tidspunktet for større beskjæring og styving er seinsommer og høst (lauving, emneved) eller tidlig vinter (rising, vedhogst). Men styving av lauvtrær i veksthvile om vinteren kan gi store frostskader og uttørking. Tre og greiner knekker letter ved styving vinterstid, og skjæring under seviegang om våren kan gi store skader. Bjørka er spesielt utsatt."* Då lauet ikkje skal nyttast til før, vil det med tanke på praktisk utføring lønne seg å styve treet i bladlaus tilstand (frå seinhausten og fram mot mars-april). Det er også viktig å følgje opp styvinga; styvingstre kan få overdimensjonerte kroner og vert med aukande alder lettare utsett for rotvelt. Normalsyklusen for styving er mellom 4 og 7 år. Greinene skal styvast av om lag 5 cm over siste styvingsspor, eller greinfestet i stammen, for å unngå skader i vevet der skota sit. Det er også viktig at store snittflater heller slik at fuktigheita renn av.

## **5.4 Kommunal planlegging av sentrum og grøntområde**

I St. meld. nr. 23 (2001-2002) la regjeringa fram ein strategi for korleis ein kan få betre miljø i byar og tettstader ved hjelp av såkalla "grøne" og "blå" område og korridorar (Miljøverndepartementet 2001-2002). Samla sett utgjer desse områda grønstrukturen i ein tettstad, og har nær samanheng med utvikling og trivsel: "*Både negative og positive utviklingstendenser har ofte rot i det fysiske miljøet og hvor trygt og trivelig et område oppfattes. Dårlig ivaretakelse av bygningsmasse og uterom gir signaler om lav prioritet og dårlig image.*" Generelt i tettstadar rundt om i landet er grøntstrukturen under press, og mange naturområde har vorte oppsplitta og fragmentert som følgje av utbygging og bruksendringar. Årsaken er mellom anna at områda ikkje er tilstrekkeleg sikra eller at dei er dårlig ivaretakne. I Selje er ein så heldig å ha store grøne område som har unngått dei største inngrepa midt i sentrum.

Selje kommune arbeider no med ein ny kommuneplan, og først vil samfunnsdelen og handlingsplanen bli utarbeida. Når arealplanen står for tur, vil ein delplan for Selje sentrum vere ein ideell moglegheit for kommunen til å fastsetje retningsliner til ei framtidsretta og positiv utvikling av sentrum. Dette inneber meir enn berre utbygging og fornying; også ivaretaking av grøntareal og synleggjering av kulturhistoria er med på å skape attraktive stadar. Både prestegarden som kulturmiljø og sentrumsparken er historiske anlegg og grøntområde som bidreg til trivsel og identitet, og som bør integrerast i ein sentrumsplan. Ved å satse på ein samla plan for rehabilitering, drift og utvikling av grøntområda vil ein heve dei kvalitetane som allereie fins i Selje sentrum. Ei satsing på ein heilskapleg grønstruktur med utgangspunkt i dei kulturhistoriske elementa, vil skape positive ringverknader for Selje som turiststad og som innfallsport til klosterruinane på Selja, og bidra til trivsel og oppleveling for eigne innbyggjarar. Det er også ei utømeleg kjelde til kunnskap om kulturhistoria til prestegarden og sterke personlegdomar, og til forsking mellom anna på gamle plantesortar.

## 5.5 Tilråding – vidare utgreiingar og tiltak

Det fylgjande kapittelet er tilrådingar til vidare utgreiingar og tiltak som bør gjerast framover, på grunnlag av det som har kome fram i arbeidet med oppgåva. Sentrale spørsmål i høve det vidare arbeidet med hageanlegget er:

- Kva har størst verdi?
- Kva har vi kontroll på/kunnskap om?
- Kvar bør det utarbeidast planar/detaljplanar?
- Kva bør undersøkjast nærmere?

Som svar på dette, er hageanlegget delt inn i fem ulike område, kvar med sine tilrådingar til planar og utgreiingar, og framlegg til tiltak (figur 71).



Figur 71 Kart med inndeling av områder, frå A til E. Kartgrunnlag er henta frå Fylkesatlas (2011).

## *Generelt for heile hageanlegget*

### Utgreiingar og planar:

- *Vedlikehaldsplan.* Det bør utarbeidast ein vedlikehaldsplan for det kommunale arbeidet med hagestell i prestegarden. Denne må innehalde ei sjekkliste for arbeidet, med rettleiing for luking av bed, beskjering av hekk, bærbusker, roser og andre busker og for handsaming av hageavfall. Det bør også gjennomførast ei praktisk opplæring og synfaring før arbeidet startar. Eit par viktige moment ved vedlikehaldet er:
  - Ved luking av skvallerkål i bed må ein forsøke å få med mest mogleg av røtene, men unngå laukar og røter av andre plantar.
  - Hageavfallet må ikkje dumpast i krattet, då dette vil føre til sterke auke i nitrogentilførsel, og sterke vekst av til dømes stornesle. Det er også viktig å fjerne plantemateriale som vert liggande etter slått. Avfallet skal samlast på ein stad der er lett tilkomst med traktor, og vert henta og nytta av ein lokal bonde. Difor må også torv og sand sorterast frå kvist og ugras.
- *Tiltaksplan.* Det bør setjast opp ein tiltaksplan med prioritering og rekkefølge av tiltak som skal gjerast framover. Slik kan ein sikre at dei mest prekære områda vert prioritert først, og at det ikkje vert gjort noko utan naudsynte utgreiingar og planlegging på førehand.
- *Innsamling og bevaring av plantemateriale.* Norsk genressurssenter arbeider for å kartlegge, bevare og bruke plantegenetiske ressursar i Noreg, gjennom konseptet *Planteaven* (2011). Dette vil seie at genmaterialet til plantane vert undersøkt, og unike sortar vert bevart i ei plantesamling eller frøbank. Ein type bevaringsarbeid som kan vere aktuell for Selje prestegard er Roseaksjonen i regi av Norsk Roseforening, med tanke på kvitrosa (*Rosa x alba 'Maxima'*). Dette kan også vere aktuelt for andre eigalar av gamle hagar i Selje, og ein innsamlingsaksjon til dømes for gamle roser eller tulipanar kan bidra til bruk av stadeige arts materiale ved ei eventuell restaurering av prestegardshagen. Bed som verkar nye kan også innehalde gamle plantesortar, som til dømes bed 6 ved vestveggen til prestelåna, og det er difor viktig å undersøke og bevare plantane her.

### Framlegg til tiltak:

- *Styving av tre.* Store gamle tre er ein viktig del av kulturhistoria til prestegarden, og bør takast vare på. Tunge trekruner kan føre til at trea fell over ende i haust- og vinterstormar, og det er også fare for at tunge greiner kan knekke av og øydelegge freda bygningar. Dette gjeld særskilt for dei store almetrea, som truleg er dei eldste trea i prestegarden. Løysinga for

dette er i første omgang tilbakeskjering etter vestnorsk styvingstradisjon, jf. kap. 5.2.

Styvinga må utførast av fagpersonar med erfaring innafor feltet, for å sikre levedyktige tre i ettertid og riktig handtering i høve til dei freda bygningane. Platanlønn i hagen og ask og alm i krattet kan også styvast dersom det er behov. Bjørk må ein vere forsiktig med å tilbakeskjere, og det bør då helst gjerast over fleire år. Furu toler ikkje tilbakeskjering, då den ikkje har evne til å setje nye skot frå greiner eller stamme.

- *Garasje for presten.* Gjennom heile 1900-talet var det gamle eldhuset nytta som garasje for presten. No er presten utan garasje, og bilen står utan ly for vêr og vind på tunet. Dette er ikke ynskjeleg verken for eigar av bil eller estetisk sett for eit freda kulturmiljø, og presten har bedt om å få tildelt eller sett opp garasje i eller i nærleiken av prestegarden. Då det ikkje vil vere aktuelt å oppføre ei ny bygning i samanheng med bygningsmiljøet, kan ei løysning vere å bygge ei garasje på platået over skråninga sør for prestegardstunet, like ved kommunehuset. Området ligg på same eigedom som prestegardstunet, og garasjen vil ha tilkomst frå vegen vis á vis Selje barnehage. Det må sikrast at garasjen vert lite synleg frå bygningsmiljøet i prestegarden, også etter at krattet vert rydda og tynna ut. Om dette er uunngåeleg, må bygningen oppførast i ein stil som underordnar seg byggeskikken til uthusa i prestegarden, det vil seie ei låg raudmåla trebygning med møne.

## *Område A – Prestegardstunet*

### Kort oppsummering:

Tunet vart ikkje opparbeidd som prydhus før flyttinga av Borgstova (etter 1927). Før det hadde denne delen av prestegarden funksjon som gardstun, og inneheldt truleg berre nokre få pryd- eller nyttevekstar som ikkje var freistande for beitedyr. På 1930-talet vart det sett opp gjerde og port med kvit dobbeltgrind og portstolpar i stein. Eit rundt bed vart opparbeidd midt i plenen. Seinare har nye bed kome til, og rundt 1960 vart hagen planert ut og mellom anna ein gammal jordkjellar vart fjerna. Planeringa endra truleg ein del av strukturen med hellegangar i tunet, men framleis ligg mange av hellene delvis eller heilt attgrodde.

### Utgreiingar og planar:

- *Restaurering/ tilbakeføring.* Om det er aktuelt å tilbakeføre eller restaurere denne delen av hagen bør ein først og fremst tenke på å ta vare på ønska funksjonelle og estetiske element, og ta vekk eller flytte uønskte element. Deretter kan det vere hensiktsmessig å kontakte aksjonen Plantearven for å finne det riktige plantematerialet. Det er viktig å legge ned arbeid

og ressursar i å finne dei mest tidsriktige kultivarar av plantane som nyttast, både for å få korrekt estetisk og arkitektonisk tilknyting til bygningsmiljøet og for å dei riktige plantane historisk og genetisk (Jørgensen 2000). Ved ei tilbakeføring med sikte på perioden rundt 1935, bør dei sentrale elementa vere det runde bedet i plenen, hellegangar og porten med steinstolpar og kvit dobbeltgrind. Hellene kan lokaliserast ved hjelp av spadestikk eller georadarundersøking.

#### Framlegg til tiltak:

- *Leikeapparat.* Ta vare på leikestativ for framtidig bruk av prestefamiliar med barn. Sandkassa som er nesten heilt grodd att bør fjernast, eventuelt kan ein lage til ei ny ved behov.
- *Flytting av tre.* Hestekastanjen som står midt i plenen bør flyttast til ein betre veksestad. Då den er planta av tidlegare bebuarar, og slik sett er ein del av den nyare historia til prestegarden, kan den setjast ein anna stad i hagen eller i nærleiken av prestegarden.
- *Informasjonstavle.* Den noverande informasjonstavla ved innkøyrsla til prestegarden må gje god informasjon om prestegarden og hageanlegget, og syne samanhengen mellom den noverande prestegarden og sentrumsparken/ Gamlehagen. Informasjonen bør ha ei tiltalande grafisk utforming, gjerne med illustrasjonar, og dekkast med eit vêrbestandig materiale (til dømes pleksiglas).
- *Port og gjerde.* Dei gamle portstolpane i stein bør setjast opp att, og dobbeltgrinda i porten rekonstruerast ut i frå gamle biletene. Dette vil fungere som ei fin avgrensing av tunet mot engarealet lenger aust. Eit kvitt stakittgjerde rundt heile hagen og i samanheng med porten, vil vere ei estetisk god løysing for å skilje kulturmiljøet frå resten av sentrum.

#### *Område B – Privathagen*

##### Kort oppsummering:

Den vestre delen av hagen har hatt funksjon som framsida av prestegarden, og tre- og buskplantingar gjekk kanskje heilt ned til fjøra tidleg på 1800-talet. Skard (1950 og 1963) nemner ein *terrassehage* ved langveggen inntil huset i Selje prestegard. Truleg vart det først bygd opp og laga til éi terrasse mot fjøra, der sjøen kom heilt opp til muren ved springflod. Deretter vart vegen mura opp nedafor hagemuren, og i seinare år har fjøra og vågen vorte fylt ut til bilveg og torg, slik at høgdeforskjellen mellom hagen og området rundt er nesten utviska. Etter ein situasjonsplan frå 1923 og ulike fotografier var det eit hageanlegg sør for prestelåna, med grusgangar utforma som eit åttetal, og sitteplass med blømande busker rundt. Hagen var skilt frå gardstunet aust for prestelåna ved ein hekk og ei

enkelgrind. Det er no tillaga eit lite grønsaksbed vest for stabburet, i området der grusgangane var tidlegare. Eit problem i denne delen av hagen er mykje bruk slengdissa som heng i den gamle styringsalma, som øydelegg plenen. I tillegg vert søppel slengt inn i hagen og inn under eit stort hol ved røtene i treet. Denne delen av hagen har, og bør ha, funksjon som privathage.

#### Utgreiingar og planar:

- *Hagearkeologisk undersøking.* Det må utførast hagearkeologisk undersøking før det vert grava eller laga til noko meir i denne delen av hagen. Dette er eit *svært viktig område!*

#### Framlegg til tiltak:

- *Terrasse og levegg.* Skjerma terrasse er ynskjeleg å bevare for framtidig bruk som prestebustad, men har behov for vedlikehald. Leveggen må reparerast eller ny setjast opp.
- *Rehabilitering av hekk.* Ein bør rehabilitera hekken av alperips og setje opp gjerde mot fortau og bilveg i vest, for å hindre ferdsel inn og ut av den private delen av hagen. Dette kan gjerast ved å plantet stiklingar i dei opne "gapa" i hekken. Alperips har sterkt vekst, og dei nye delane vil vekse fort til ved jamleg skjering. Hekken kan også jamnast ut i høgda ved å unngå å kippe dei lågare delane i eit par år.
- *Hole i almetre.* For å ta vare på det gamle almetreet er det naudsynt å reinske holet ved røtene for greiner, lauv, søppel og anna rusk, for å avgrense fuktskadar og rote. Deretter bør ein stenge igjen med plank eller finmaska netting, for å hindre vidare opphoping av rusk og ungar eller dyr som kryp inn. Då trekrona er svært stor, og treet gammalt og innholt, må ein vurdere om krona skal beskjerast slik at treet kan vare i mange år framover. Beskjering etter vestnorsk styringstradisjon er den beste løysinga her.
- *Rehabilitering av plen.* Styring av den gamle alma vil truleg løyse problemet med det jordopne området i plenen, då styring av trekrona vil gje ei svak gjødslingseffekt på plenen. Rotsystem tilsvarande den overjordiske biomassen som vert fjerna, vert raskt brote ned og vil frigjere næringsstoff til feltsjiktet. Om det likevel er behov for rehabilitering av plenen, må det gjerast på ein måte som sikrar artsmangfaldet, mellom anna må ein ta vare på laukar av snøklokker og påskeliljer.
- *Avgrensing av fagerfredlaus.* Det er behov for å kontrollere fagerfredlaus som spreier seg og fortrenger andre urter i bed 6. Helst bør ein varsamt halvere omfanget for å sjå kva som laukar som eventuelt ligg under, og deretter jamleg luke vekk og fjerne utløparar. Eventuelt kan ein spa opp bestanden der den i for sterkt konkurrerer med andre ynskete artar.

## *Område C – Krattet*

### Kort oppsummering:

Området inneholder fleire svartelista artar og gror att med m. a. stornesle og oppskot av platanlønn, også som følgje av næringstilførsle (hageavfall). Vestre del av krattet syner spor etter terrasserte bed med natursteinstrapp i midten, og har truleg vore ein del av hageanlegget sør for prestelåna på 1800-talet og tidleg på 1900-talet. Området kan innehalde ein del attståande hageplantar.

### Utgreiingar og planar:

- *Detaljundersøking.* Vegetasjonsundersøking og detaljundersøking i området ved steintrapp og terrassar bør utførast før tiltak vert gjort i denne delen av prestegarden.
- *Rydding.* Det må utarbeidast ein plan for rydding/opning av krattet og fjerning av svartelista artar (oppskot av platanlønn, parkslirekne, rynkerose m.m.). Når krattet skal ryddast, må det gjerast varsamt over lang tid, for å sjå om det dukkar opp attståande hageplantar. Storkonvall, ramslauk, skuggesildre og eventuelle andre attståande hageplantar må takast vare på. Skuggesildre må likevel avgrensast i omfang, då denne er spreidd i store delar av krattet. Natursteinstrappa og muren er delvis attgrodde, og må fram att. Trappa kan brukast til dømes som sti til ein garasje sør for prestegarden, ved kommunehuset på andre sida av krattet.

## *Område D – Enga*

### Kort oppsummering:

Dette området har tidlegare vore ein del av gardstunet i prestegarden, og husa fram til rundt/etter 1960 ei stor lade. Etter at lada vart riven, vart området planert ut og sådd til. Enga vert i dag slått jamleg av ein lokal bonde, og graset vert nytta til fôr. Skråninga lengst sør i området vert vinterstid nytta som akebakke av mellom anna Selje barnehage.

### Utgreiingar og planar:

- *Temahage/ grøntanlegg.* Dersom det er ynskjeleg for Selje kommune, kan området setjast av til ein framtidig hage til presentasjon av gamle prestegardsplantar eller klosterurter, eventuelt til anna type temahage eller grøntanlegg. Ein klosterhage vil gje ein god heilskap i samband med klosterformidling – nær eit potensielt klostersenter/kulturbrygg (til dømes i kommunehuset, som vert stående tomt frå sommaren 2011).

## *Område E – Gamlehagen/ Parken*

### Kort oppsummering:

Den gamle prestegardshagen i Selje vart anlagt rundt 1750 av presten Peder Harboe Frimann. Her stod det fram til om lag 1960/1970 både frukttre, bærbusker og kanskje også prydbusker, med ein gamal steingard og store tre som innramming. Hagen vart kalla både Gamlehagen, Storehagen og Hagevollen, og var truleg også mykje nytta av innbyggjarane i Selje. Den vesle borgstova i prestegarden var plassert i hagen til bruk som arkiv frå 1927 til 1966. Hagen forfall sakte men sikkert gjennom heile 1900-talet grunna mangel på vedlikehald, og dei store trerekkjene er det einaste som står att frå Gamlehagen i dag. Lauvtrea her er truleg endå eldre enn trea i prestegarden, og difor kanskje dei eldste biologiske kulturminna i sentrum av Selje. Det står også att tre store lerker (europeisk lerk - *Larix decidua*), som truleg vart planta på 1800-talet. Området er i dag nytta som sentrumspark og inneheld ein paviljong, fleire leikeapparat, grusgangar og dammar (nokre attgrodde), og ymse buskplantingar. Dette er eit viktig kulturhistorisk område og grøntanlegg i Selje sentrum.

### Utgreiingar og planar:

- *Situasjonsplan og registrering.* Sidan dette området ikkje lenger er rekna som ein del av prestegarden, er det ikkje teke med i registreringa i denne oppgåva. Det er likevel viktig at ei slik registrering vert gjort, både med tanke på å finne spor etter det gamle hageanlegget og for framtidig planlegging og tiltak.
- *Heilskapleg planlegging.* Ein samla plan for rehabilitering, drift og utvikling av sentrumsparken med utgangspunkt i dei historiske elementa, vil sikre heilskap i høve til kulturmiljøet i prestegarden. Samanhengen med prestegardsanlegget bør vere synleg og presenterast både for fastbuande og for tilreisande.

### Framlegg til tiltak:

- *Informasjonstavle.* Informasjonstavla ved innkøyrsla til prestegarden, bør opplyse om at sentrumsparken opphavleg var den eldste prestegardshagen.
- *Bevaring av tre.* Det er viktig å ta vare på trerekkjene som står att frå den gamle prestegardshagen i parken. Om det er behov, kan lauvtres tilbakeskjerast som skildra i kapittel 5.3.

## 6.0 Konklusjon

Prestegardshagen i Selje har endra seg mykje sidan den første hagen vart anlagt kring 1750.

Hageområdet har vorte flytta, og dei opphavlege funksjonane og strukturane har endra seg mykje, spesielt det siste hundreåret. Likevel finn ein store verdiar i det som står att. Hageanlegget inneheld framleis mange gamle plantar og element, og det er utvilsamt mogleg å finne fleire spor - mellom anna i krattet, under grasdekket i den sørlege delen av hagen og i sentrumsparken. Det er difor viktig at det vert gjort undersøkingar før noko meir vert gjort i desse områda. Historia til hageanlegget i Selje har aldri fått noko særleg merksemd, så det er framleis mykje å avdekke.

Av spor frå gamle dagar vil eg særskilt nemne dei store trea, både i prestegarden og Gamlehagen/ sentrumsparken. Desse er biologiske kulturminne av nasjonal verdi, og må takast vare på best mogleg. Prestegardshagen med dei gamle trea utgjer ein uunnverleg del av prestegarden og sentrum i Selje, og fortener like stor merksemd som det freda bygningsmiljøet. Det er fullt mogleg å ta vare på begge deler, utan at det eine skal "overskugge" det andre. I oppgåva er det presentert ei løysing for mellom anna tilbakeskjerding av trea. Men her må det offentlege midlar til, og håpet er at oppgåva vil synleggjere verdiane til hageanlegget for offentlege krefter som kan bidra. Kommunen kan også bidra med heilskapleg grøntplanlegging basert på ivaretaking og formidling av dei kulturhistoriske verdiane. I oppgåva er det også presentert løysingar for korleis ein kan sameine buplikt og private funksjonar med offentleg bruk og formidling av prestegardshagen.

I enkelte delar av hagen er tilstanden därleg, så nokre vedlikehaldsmessige tiltak må gjerast så raskt som råd. Mange små tiltak utgjer store summar, og det er difor viktig at det vert laga ein plan med prioritering av tiltak, og at det vert skaffa midlar til gjennomføring av tiltaka. Sidan hagar er levande og raskt kan forfalle, må dei presserande tiltaka prioriterast først og ikkje utsetjast.

Gamle hagar er uløyseleg knytt til bygningsmiljøet dei omkransar, og dermed er dei gamle bygningane også avhengig av hagen sin. På same måten som det vert lagt ned store ressursar i å restaurere og oppretthalde det autentiske ved historiske bygningar, burde ein også kunne avsja ressursar til kulturmiljøet kring bygningane. Hageanlegget i Selje prestegard var eit sentrum for den kulturelle aktiviteten i Selje, og til saman utgjer hagen og bygningsmiljøet i prestegarden ein kulturskatt for sentrum og kommunen. Det er viktig at det vert synleggjort, og at heile anlegget vert bevart med den autentisiteten som høyrer med ein freda prestegard og eit historisk hageanlegg.

## Litteraturliste

### *Skriftlege kjelder*

- Artsdatabanken (2007): *Norsk Svarteliste 2007. Økologiske risikovurderinger av fremmede arter.* Trondheim: Artsdatabanken.
- Berge, Ragnvald (1996): *Claus Frimann fra Selje.* I: Årbok for Nordfjord 1996, nr. 30. Sandane: Nordfjord Sogelag/ Sogn og Fjordane Ungdomslag/ Nordfjord Folkemuseum, s. 107 – 114.
- Bruun, Magne (2005): *Tohundre år med norske hager: En oversikt over hovedretninger i norsk hagekunst fra tiden omkring 1750 fram til midten av 1900-tallet.* I: Bekkely, Eva I., Mette Eggen, Madeleine von Essen og Cecilie Godager red. *Gode råd om gamle hager.* Oslo: Fortidsminneforeningen, s. 5-12.
- Dale, Irene (2005): *Prestehagar.* I: Årbok for Sogn nr. 51, 2005. Kaupanger/Florø: Historielaget for Sogn, De Heibergske Samlinger.
- Djupedal, Reidar (1966): *Selja i tusen år.* Selje.
- Djupedal, Reidar (2010): *Gamle Selje: Kulturhistoriske tekstar i utval ved Ove Eide.* Førde: Selja Forlag.
- Djupedal, Torkjell (1996): *Selja: Kulturhistorisk handbok.* Førde: Selja Forlag
- Eggen, Mette (2005): *Hus og hage hånd i hånd.* I: Bekkely, Eva I., Mette Eggen, Madeleine von Essen og Cecilie Godager red. *Gode råd om gamle hager.* Oslo: Fortidsminneforeningen, s. 2-3.
- Essen, Madeleine v. (1999): Våre levende kulturminner: på høy tid å verne. I: *Fortidsvern 25* (1) s. 2-3.
- Flokkmann, Ina Backer (1976): *Prestegårder: fortid, nåtid og fremtid.* Oslo: Foreningen til Norske Fortidsminnemerkers Bevaring.
- Grue, Unni Dahl red. (1993): *Ta vare på gamle hager.* Oslo: Statens fagtjeneste for landbruket/Hageselskapet.
- Helle, Turid (1992): *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Selje kommune. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern.* Rapport nr. 23. Sogndal: Sogn og Fjordane Distrikthøgskule, avdeling for landskapsøkologi.
- Horgen, Jan E. (1999): *Norske Prestegårder: folk og hus.* Oslo: Landbruksforlaget.
- Jørgensen, Per Magnus (2000): *Bruk og misbruk av plantesorter i historiske hager.* I: Moe, Dagfinn. Per Harald Salvesen og Dag Olav Øvstedral red. *Historiske hager: En nordisk hagehistorisk artikkelsamling ved 100-årsfeiring av Muséhagen i Bergen, mai 1999.* Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS.
- Langeland, Knut (1992): *Oldemors stauder i våre hager.* Oslo: Schibsted Forlag.
- Lid, Johannes og Dagny Tande Lid (2005): *Norsk flora.* Elven, Reidar red. Oslo: Samlaget.

- Miljøverndepartementet (2001-2002): *Bedre miljø i byer og tettsteder*. St.meld. nr. 23 (2001-2002). Oslo, Miljøverndepartementet.
- Moen, Asbjørn (1999): *National Atlas of Norway: Vegetation*. Hønefoss: Norwegian Mapping Authority.
- Mossberg, Bo og Lennart Stenberg (2007): *Gyldendals store nordiske flora*. Oslo: Gyldendal.
- Neumann, Jacob (1824): *Bemærkninger paa en Reise i Søndmør og Nordfjord / af [Jacob] Neumann*. I: *Årbok for Nordfjord 1996, nr. 30*. Sandane: Nordfjord Sogelag/ Sogn og Fjordane Ungdomslag/ Nordfjord Folkemuseum, s. 61 – 106.
- Norderhaug, Ann et al. (1999): *Skjøtselsboka: for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*. Oslo: Landbruksforlaget.
- Nybø, Sverre Bernhard (1968): *Prestegård på sagagrund: Minner fra Selje*. I: Christie, Elisabeth red. *Prestegårdsliv: Minner fra norske prestegårder* [bind III]. Oslo: Forlaget Land og kirke/ Gyldendal Norsk Forlag, s. 220 – 232.
- Os, Edvard (1957): *Selje og Vågsøy: Bygdene og bygdesamfunnet* [bind I]. Oslo.
- Prestegardstilsynet (2011): *Selje kommune. Prestegardstilsynet* [Kommunalt arkiv]. Arkivnr.: 11/2045-1. Leikanger: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Informasjon henta ut: [25.3.2011].
- Riksantikvarens arkiv (2011): Figur 9, 19, 23, 25, 26, 27, 28, 31, 32(a, b og c), 34, 35, 36. Arkivsamling: *Selje prestegård* [Fotografi og teikningar]. Oslo: Riksantikvaren.
- Skard, Torfinn (1950): *Prestegårdshagene i Norge*. Upublisert manuskript, Riksantikvarens bibliotek.
- Skard, Torfinn (1963): *Hagebruk og gartneri i Norge: en historisk undersøkelse fram til omkring 1950*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Støylen, Kaare (1955): *Claus Frimann: almuens sanger 1746-1829: glimt fra et hundreårs kirke- og kulturhistorie*. Bergen: J.W. Eides Forlag.
- Wiig, Einar (1991): *Bernt Tunold*. Bergen: Nord 4.

### *Kjelder frå internett*

- BickFoto (2011): Figur 4. *Thomas Bickhardt - prospektkort* [Fotografi]. Tilgjengeleg frå: <[http://bickfoto.no/index.php?option=com\\_content&task=view&id=12&Itemid=39](http://bickfoto.no/index.php?option=com_content&task=view&id=12&Itemid=39)> [16.6.2011].
- Dam-Nielsen, Borgny (2001): *Selje prestegard*. Leikanger: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Tilgjengeleg frå: <<http://www.fylkesarkiv.no/kl/detalj/?id=336>> [2.6.2011].

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (2011a): Figur 14. *Prestegarden i Selje* [Fotografi]. Lokal signatur:

SASF-001.5379. Arkiv/samling: FAKf-100100.117470. Tilgjengeleg frå:

<[http://www.fylkesarkiv.no/foto/detalj?http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?p= result&pstype=single&db=dbfoto&sql=sfffoto%20=%20%27FAKf-100100.117470%27](http://www.fylkesarkiv.no/foto/detalj?http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?p=result&pstype=single&db=dbfoto&sql=sfffoto%20=%20%27FAKf-100100.117470%27)> [7.6.2011].

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (2011b): Figur 15. *Peder Harboe Frimann* [Måleri]. Lokal signatur:

VAGf-94035.0002. Arkiv/samling: SFFF 1994334.002. Tilgjengeleg frå:

<<http://www.fylkesarkiv.no/foto/detalj?http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?p= result&pstype=single&db=dbfoto&sql=sfffoto%20=%20%27SFFF-1994334.0002%27>> [16.6.2001].

Fylkesatlas (2011): *Fylkesatlas Sogn og Fjordane* [Interaktivt kart]. Tilgjengeleg frå:

<<http://fylkesatlas.no/default.aspx?gui=1&lang=3>> [7.6.2011].

Geoportalen (2011): Figur 1. *Selje kloster* [Fotografi]. Tilgjengeleg frå:

<<http://www.geoportalen.no/sfiles/2/26/9/picture/selje.jpg>> [16.6.2011].

Hansen, Ole Billing (1.2.2006): *Månedens plante i februar: Skogfuru (P. sylvestris)*. Ås: UMB, Institutt for plante- og miljøvitenskap. Tilgjengeleg frå: <<http://www.umb.no/ipm/artikkel/manedens-plante-i-februar-skogfuru-p-sylvestris>> [25.5.2011].

Metereologisk institutt (2011): *eKlima - Gratis tilgang til vær- og klimadata fra Meteorologisk institutt fra historiske data til sanntidsobservasjoner*. Rapport bestilt frå: <<http://www.eklima.no>> [15.5.2011].

Norges geologiske undersøkelse (2011): *Berggrunnsgeologidatabasen* [Interaktivt kart]. Tilgjengeleg frå: <<http://www.ngu.no/kart/bg250/>> [16.6.2011].

NRK Fylkesleksikon (2011): *Claus Frimann*. Tilgjengeleg frå:

<[http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Claus\\_Frimann](http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Claus_Frimann)> [11.6.2011].

Opplysningsvesenets Fond (2011): *Eierskap og Innhenter vedlikeholdsetterslep*. Tilgjengeleg frå:

<<http://ovf.no/Om-OVF/Overordnet/Eierskap>> og

<<http://ovf.no/Prestebolig/Prosjekter/Innhenter-vedlikeholdsetterslep>> [10.6.2011].

Ordnett (2011): *Kunnskapsforlagets blå språk- og ordboktjeneste*. Søkeord "åbot". Tilgjengeleg frå:

<<http://ordnett.no/>> [14.6.2011].

Plantearven (2011): *Du kan bidra til bevaring*. Tilgjengeleg frå:

<<http://www.plantearven.no/bevaring/>> [7.6.2011].

Selje Kloster (2011): Figur 37 og 41. *Selje prestegård* [Fotografi]. Tilgjengeleg frå

<[http://seljekloster.com/index.php?option=com\\_content&task=view&id=46&Itemid=101](http://seljekloster.com/index.php?option=com_content&task=view&id=46&Itemid=101)> [16.6.2011].

Selje.info (2011a): *Prestegarden: Om bebuarane på prestegarden*. Tilgjengeleg frå:  
<http://www.selje.info/index.php/Prestegarden> [18.4.2011].

